



Handlings- og økonomiplan 2023-2026

Økonomiplan 2023-2026, Budsjett 2023

Vedteke i kommunestyre 15.12.22

Innhold

Innleiing	2
Oppfølging av satsingsområde i kommuneplanen sin samfunnsdel	3
Berekraft	4
Attraktivitet	7
Leve heile livet i Lom	10
Planstrategi og planarbeid 2023	13
Handlingsreglar for overordna økonomisk styring	15
Demografi	16
Aldersbæreevne	18
Vesentlege inntekts- og utgiftsføresetnader	20
Rammetilskot og skatt	20
Kraftinntekter og utbytte	20
Eigedomsskatt	21
Næringsfond	22
Løns- og prisføresetnader	22
Startlån	23
Risiko og utfordringar	23
Investeringsiltak 2023 og i økonomiplanperioden	25
Budsjettering til driftsområda	30
Interkommunalt samarbeid og tilskot til andre	31
Fondsoversikt	32
Budsjettskjema og protokoll vedtak	33

Innleiing

Proessen rundt arbeidet med budsjett og økonomiplan er vidareført frå 2020 og 2021, ved at det er formannskapet som innstiller for kommunestyret. Kommunestyret vedtok plan for prosess i desember 2021, og starta arbeidet med dialogsamling i juni og gjennomførte budsjettkonferanse i oktober. Administrativt starta arbeidet med å spesifisere aktivitetsendringar før sommaren, der også tillitsvalde og verneombod har vore involvert.

Driftsnivået for 2022 er lagt til grunn for arbeidet med budsjett og økonomiplan for 2023-2026. I november 2022 er den nye samfunnsdelen til kommuneplanen ferdig og satsingsområda i handlings- og økonomiplan byggjer på måla i samfunnsdelen. Slik blir samanhengen i planverk teke i vare, og årsrapportering til kommunestyret skal vere ut frå dei definerte satsingsområda i samfunnsdelen.

Satsingsområda i samfunnsdelen, og denne handlingsdelen, er berekraft, attraktivitet og leve heile livet i Lom. Dette er tre store og viktige områder for Lomssamfunnet framover. For å lukkast må alle delar av kommunen samarbeide, både sektorane i mellom i kommunen, men også samhandlinga med og mellom innbyggjarane er viktig.

Ein ser at gapet aukar mellom utgiftene til kommunen og rammeoverføringane frå staten, med negativt resultat for kommunen. Dette kjem av ein endra demografi samanlikna med resten av landet og gapet vitnar om eit for høgt driftsnivå. Det er kraftinntektene som gjer at ein kjem i mål. Ein ser at kraftinntektene gjev eit handlingsrom som andre kommunar ikkje har, men det er også knytt risiko til å bruke varierende inntekter i drifta. Dette er ein risiko ein tek for å kunne vidareføre driftsnivået. Formannskapet ser dette som særleg viktig i ei uroleg tid i høve beredskap med krig i Europa og økonomisk med inflasjon globalt og nasjonalt. Spørsmålet er korleis og når ein startar jobben med vesentlege endringar for å tilpasse driftsnivået til overføringane frå staten for å skjerme drifta frå variable kraftinntekter.

Formannskapet vurderer at den politiske prosessen har vore svært god, med tidleg involvering og god dialog. Med dokumenta som inngår i årets handlings- og økonomiplan meiner formannskapet at forholda ligg til rette for ei stabil utvikling framover, tross den noko spente verdssituasjonen.

Formannskapet i Lom 22.11.2022

Bjarne Eiolf Holø, ordførar (SP), Marit Sletten, varaordførar (SP), Trond Volden (BL)
Kjell Brandsar (LL), Tomas Sørhage (AP),

Oppfølging av satsingsområde i kommuneplanen sin samfunnsdel

Lom kommune har vedteke ny samfunnsplan for 2022 – 2034. Kommunen ynskjer å ha auka fokus på samordning av samfunnsplanlegginga og økonomiplanlegginga. Målsettinga er betre realisme i planane, og å forenkle og effektivisere planarbeidet.

For å få det til har Lom kommune utarbeida eitt felles dokument for samfunnsplanen sin handlingsdel og økonomiplanen med budsjett, kalla handling- og økonomiplan (HØP).

Hensikten med å kople samfunnsplanlegging og økonomiplanlegging er å sikre at kommuneplanlegginga skjer innanfor dei økonomiske rammene kommunen har tilgjengeleg, og at kommunen fordeler sine ressursar best mogleg mellom drift og utvikling. Det må skaffast tilstrekkeleg handlingsrom til samfunnsutvikling, men samfunnsutviklinga må også tilpassast tilgjengelege økonomiske ressursar. Ei god kopling er nødvendig viss kommunestyret skal drifte kommunen best mogleg og samtidig styre utviklinga av kommunen mot måla i samfunnsplanen.

Dei operative verktøya kommunen har for samfunnsplanlegging og økonomiplanlegging er handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel og økonomiplanen med budsjett. Både handlingsdel og økonomiplan skal vere 4-årige plandokument, og rullerast årleg. Desse dokumenta og prosessane må samordnast dersom kommunen skal oppnå ein koordinert planlegging.

Krava til kopling av samfunnsplanlegging og økonomiplanlegging er skjerpa i ny kommunelov og det medfører sterkare forventningar til reell koordinering og samanheng i dei kommunale planprosessane.

Lom kommune har ein ambisjon om å ha ein heilskapleg målstruktur utifrå kommuneplanen sin samfunnsdel og andre delplanar. HØP har ein samla mål- og tiltaksoversikt som refererer til den heilskapleg målstrukturen som syner korleis måla følgjast opp anten med friske midlar eller innanfor eksisterande ramme.

Den nye samfunnsplanen til Lom har tre satsingsområde; Berekraft, Attraktivitet og Leve heile livet i Lom. Det fylgjande kapittelet gjev ein oversikt over korleis kommune dei neste åra skal arbeide strategisk for å nå måla i samfunnsplanen, og kva tiltak som skal settast i verk i økonomiplanperioden.

Samfunnsplanen har eit 12-års perspektiv, og realisering av måla i samfunnsplanen har same tidsperspektiv. HØP har eit 4-års perspektiv. Det vil seie at ikkje alle måla i denne rulleringa av HØP vil ha tiltak knytt til seg. Tiltak knytt til desse måla vil bli prioritert seinare i perioden.

Berekraft

Samfunnsplanen sine hovudmål knytt til berekraft:

1. I Lom kommune skal omsynet til klima og miljø ligge til grunn for forvaltnings- og utviklingsarbeid.
2. Lom kommune skal sørge for ei berekraftig forvaltning av økonomi og ressursar for å sikre gode tenester til innbyggjarane.
3. Lom skal vere eit sosialt berekraftig lokalsamfunn.

Klima og miljø er viktig for verda, Europa, Noreg og derfor også for Lom. Utslepp, forøpling og nedbygging av natur og jordbruksareal bidreg til utfordringar både globalt og lokalt. Det blir stilt krav til verksemder og forvaltning for korleis planlegging og utvikling kan skje på ein mest mogleg miljøvenleg måte som tener naturen, oss og dei som kjem etter oss.

Berekraft handlar også om å sikre økonomisk tryggleik for menneske og samfunn. Økonomisk utvikling bør skje gjennom grøn vekst, som sikrar folk sine behov, og samtidig held seg innafor det naturen toler.

Også sosiale forhold er knytt til berekraft. Alle menneske har rett på eit anstendig liv: utdanning, arbeid, likestilling, kulturelt mangfald og godt helsetilbod.

Måloppnåing er mogleg berre gjennom samarbeid på tvers av dei kommunale sektorane. Det fordrar at ein ser til FN sine berekraftmål og kommuneplanens samfunnsdel i det overordna arbeidet kommunen gjer. Den kommunale leiinga skal sjå til at berekraft blir bragd på banen til opplysing og drøfting, og sjå til at berekraft er vurdert og inkludert i prosjekt- og utviklingsarbeid og i utøvinga av forvaltningsoppgåver. Det er også sentralt at det blir lagt til rette for at kompetansen på berekraft er til stades blant medarbeidarar i kommunen. Det er naudsynt å involvere innbyggjarar og ulike samfunnsaktørar godt i mange oppgåver.

Hovedmål, delmål og tiltak		2023	2024	2025	2026	Økonomi
I Lom kommune skal omsynet til klima og miljø ligge til grunn for forvaltnings- og utviklingsarbeidet						
1	Det skal vere ein aukande grad av gjenbruk og bruk av miljøvenlege materialar.					
1.1	Energiforbruket i kommune skal reduserast.					
1.2	Det skal utarbeidast ein klima- og energiplan.	50 000	50 000			Drift
1.2-A						
1.2-B	Overgang til energivenlege lyskjelder i kommunale bygg er lagt til grunn i investeringsbudsjettet, jf 2.4-A					
1.3	Graden av attvinning i den kommunale avfallshandteringa skal aukast.					
1.3-A	Lom miljøstasjon. Det er i økonomiplanperioden lagt inn 0,1 mill. kroner til planlegging og prosjektering av delar av uteområdet og plastmottak. Videre er det lagt inn 1,5 mill. kroner til bygging av nytt anlegg for plastmottak på Lom miljøstasjon, samt noko oppgradering av uteområdet. Tiltaket vil sikre ei rasjonell drift og ivareta miljøomsyn og krav.	100 000	1 500 000			Investering
1.4	Det skal utarbeidast klimarekneskap for den kommunale tenesteproduksjonen.					
1.5	Lom skal behalde sin nasjonale posisjon innafør berekraftig reiseliv.					
1.5-A	Sertifisering av Lom som berekraftig reisemål. Visit Jotunheimen AS har i tett samarbeid med Lom kommune, næringa og andre interessentar gjennomført fase 1 i Innovasjon Norges merkeordning «berekraftig reisemål». Lom kommune har i 2022 løyvd 150.000 kroner til fase to av prosjektet. Fase to handlar i stor grad om å setje handlingsplanen ut i livet, og målsetjinga er å kvalifisere for merket som berekraftig reisemål i løpet av 2023.	X				
1.5-B	Den smarte Grønne dalen. Lom kommune deltek i prosjektet i regi av Gudbrandsdalstinget. Arbeidet starta opp i 2022.	X	X	X	X	
1.6	Lom skal behalde sin nasjonale posisjon innan berekraftig beitebruk i landbruket.					
1.6-A	Det skal utarbeidast ein ny beitebruksplan for Lom kommune. Planen skal synleggjere beiteressursane, og konkretisere utfordringar og moglegheiter for betre utnytting av desse ressursane. Planen skal legge grunnlag for tiltak som styrker rasjonell og berekraftig beitebruk.	60 000	60 000			Ekstern
1.7	Det skal gjennomførast klima- og miljøtiltak i landbruket, og kommunen skal bidra regionalt for å redusere klimautsleppa frå transportsektoren.					
1.7-A	Klimatiltak i landbruketKommunen vil i samarbeid med eksterne kompetansmiljø gjennomføre informasjonsmøte, kurs og fagdagar for å auke merksemda om klimatiltak i landbruket. Kommunen skal og stimulere til auka bruk av tilskotsordningar retta mot klima- og miljøtiltak i landbruket.	60 000	60 000	60 000	60 000	Ekstern
1.8	Ei berekraftig rovdyrforvaltning skal ta omsyn til beitedyra.					
1.8-A	Rovdyrforvaltning. Kommunen skal gjennomføre prosjektet "Berekraftig sameksistens med sau og jerv i utmarka". Prosjektet har som mål å redusere konfliktnivået mellom rovdyr og beitedyr i Nord-Gudbrandsdalen, og bidra til å oppnå den tosidige målsetjinga med eit vedteke bestandsmål samt full utnytting av utmarksressursane.	X	X	X	X	
1.9	Vi skal ha ei medviten haldning til forvaltninga av areala i kommunen, som balanserar omsyna til bruk og vern.					
1.10	Beredskapen skal styrkast for å takle større og hyppigare naturhendingar.					
1.10-A	Sikringstiltak Lykkja. Det er lagt inn 15 mill. kroner i økonomiplanperioden til gjennomføring av sikringstiltak i Lykkja. Prosjektet bygger på resultatata frå flaumsonekartlegginga som vart gjennomført i 2020 av Norconsult. Det er søkt NVE om tilskot til flaum- og skredførebygging og miljøtiltak langs vassdrag. Lom kommune sin distriktsandel vil i så fall utgjere 20 % av totalkostnaden av prosjektet. Refusjon frå NVE er lagt inn med 12 mill. kroner.		15 000 000			Investering
1.10-B	Sikring bustadhus Leirmo. Det er lagt inn 4,1 mill. kroner til rassikring av bustadhus på Leimo. Det er søkt NVE om tilskot. Lom kommune sin distriktsandel vil i så fall utgjere 20 % av totalkostnaden. Refusjon NVE er lagt inn med 3,3 mill. kroner.	4 100 000				Investering
1.11	Kommunen skal beskytte og forvalte drikkevassressursane på ein trygg og god måte.					
1.11-A	Oppgraderingstiltak vassforsyning. Det er i økonomiplanperioden lagt inn 2,35 mill. kroner til oppgraderingstiltak på vassforsyningsanlegg. Tiltaka kjem på bakgrunn av tilsyn frå Mattilsynet, utført vann-ROS av Norconsult i 2022, samt Lom kommune sin plan for ettersyn og vedlikehald av drikkevassbasseng utarbeidd av Norconsult i 2021.	1 800 000	300 000	250 000		Investering
1.11-B	Oppgraderingstiltak avløp. Det er i økonomiplanperioden lagt inn 0,85 mill. kroner til oppgraderingstiltak på avløpsanlegg. Tiltaka kjem på bakgrunn av utført Miljø- ROS av Norconsult i 2022.	850 000				Investering
1.11-C	Oppgradering og utskifting PLS vassproduksjon og -distribusjon. Det er lagt inn 4 mill. kroner i økonomiplanperioden til utskifting av PLS-styring til vassproduksjon og -distribusjon. Tiltaket skal bidra til ein meir stabil og driftssikker vassproduksjon i Lom.	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	Investering
1.11-D	Leidningsnett vatn og avløp. Det er lagt inn 12 mill. kroner i økonomiplanperioden til utskifting av kummar og leidningar på vatn og avløp. Tiltaket gjennomførast på bakgrunn av utført vann-ROS og miljø-ROS, samt saneringsplan utarbeidd på bakgrunn av desse.	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	Investering
1.11-E	Høgdebasseng Frisvoldskogen. Det er lagt inn 2,1 mill. kroner i økonomiplanperioden til oppgradering av høgdebasseng i Frisvoldskogen. Tiltaket kjem på bakgrunn av tilsyn frå Mattilsynet, utarbeidd tilstandsvurdering av Norconsult i 2022, samt Lom kommune sin plan for ettersyn og vedlikehald av drikkevassbasseng utarbeidd av Norconsult i 2021.		2 100 000			Investering

Hovedmål, delmål og tiltak		2023	2024	2025	2026	Økonomi
Lom kommune skal sørge for ei berekraftig forvaltning av økonomi og ressursar for å sikre gode tenester til innbyggjarane						
2	Lom kommune skal ha eit nivå på tenesteproduksjonen i tråd med den demografiske utviklinga.					
2.1	Omstilling. Demografiske endringar, auka behov for helse- og omsorgstenester og reduserte økonomiske rammer stiller krav til omstilling. Alle tenestemråde må kome imøte nye oppgåver gjennom effektiviseringstiltak som t.d. teknologi.	X	X	X	X	
2.2	Kommunen skal ha eit nivå på investeringar som legg til rette for framtidretta, effektiv og forsvarleg tenesteproduksjon.					
2.2-A	Kommunestyret har vedteke økonomisk handlingregel for netto lånegjeld. Nivået på handlingsreglane bør takast opp til ny vurdering i perioden.	X	X	X	X	
2.3	Kommune skal ha ein langsiktig forvaltning av kraftinntektene.					
2.3-A	Kommunestyret vedtok i sak 1/2019 eit prinsipp for avsetting av kraftinntekter til disposisjonsfond. Netto inntekt overskytande 7 mill. kroner skal avsettast. For økonomiplanperioden 2023-2026 blir det gjort unntak frå prinsippvedtaket. Årsaka til dette er stor rente-, løn-, og pensjonsauke.	X	X	X	X	
2.4	Kommune skal ha ei berekraftig forvaltning og utvikling av den kommunale eigedomsmassen.					
2.4-A	Påkost kommunale bygg. Det er i økonomiplanperioden lagt inn 14. mill. kroner til påkost og oppgradering av kommunale bygg administrasjonsbygg og føremålsbygg. Endra arbeidsformer gjer at kommunehuset Midtgard i dag framstår lite eigna til å møte dagens krav til eit fleksibelt arbeidsliv. Ei ombygging av kontorlokala på Midtgard vil kunne gje ei auka inntening på framleige av kontorplassar. Det er planlagt utskifting og oppgradering av ljøskjelder i alle kommunal føremålsbygg. Tiltaket vil vere eit viktig enøk-tiltak for å redusere straumutgifter og energiforbruk, og vil vere eit viktig bidrag inn i det grønne skiftet. Oppgraderingstiltak som følge av kartlegging kommunale bygg gjennomført i 2021/2022 vil bli prioritert i økonomiplanperioden.	3 500 000	3 500 000	3 500 000	3 500 000	Investering
2.4-B	Ladestasjon for el-bil. Det er i økonomiplanperioden lagt inn 0,25 mill. kroner til etablering av ladestasjon for el-bil utanfor kommunale bygg. Tiltaket skal dekke tilrettelegging av ladepunkt for kommunale tenestebilar, og ladepunkt for tilsette og besøkande. Tiltaket vil vere eit bidrag inn i det grønne skiftet.	250 000				Investering
2.4-C	Investering bygg pleie og omsorg.	3 000 000				Investering
2.4-D	Varebilar. Det er i økonomiplanperioden lagt inn 6 mill. kroner til kjøp av bilar til tenestområda.	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	Investering
2.4-E	Bil VA. Det er i økonomiplanperioden lagt inn 0,5 mill. kroner til kjøp av bil til tenestemrådet vatn og avlaup.	500 000				Investering
2.4-F	Brannteknisk kartlegging og dokumentering. Det er i 2023 sett av 0,25 mill. kroner til brannteknisk kartlegging og dokumentering av kommunale bygg.	250 000				Drift
2.4-G	Vurdere sal av føremålsbygg	X	X	X	X	
2.5	Kommunen skal utnytte handlingsrommet som ligg i tillitsreforma til å utvikle det kommunale sjølvstyret, og arbeide for mindre statleg detaljstyring og rapportering.					
2.5-A	Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) lyste 23.06.2022 ut programmet for bygdevekstavtaler. Det overordna målet er å styrke busetting, tilgang til kompetent arbeidskraft og framtidretta næringsutvikling i dei minst sentrale delane av Distrikts-Norge. Lom har på vegne av Nord-Gudbrandsdalen inne ein søknad og forventar svar i løpet av 2022.	X	X			Ekstern
2.5-B	Kommunen skal søke om skjønsmidlar for å finansiere eit samskapande prosjekt med statleg nivå. Prosjektet vil ha fokus på korleis Lom kommune kan arbeide smartare tilpassa dei framtidige økonomiske ramene. Gjennom dette prosjektet vil dei regionale og statlege føringane bli drøfta opp mot det handlingsrommet kommunen har for tilpassing.	X				
2.6	Kommunen skal utnytte moglegheitene som ligg i digitalisering for å utvikle tenester.					
2.6-A	Digitalisering. Det er i økonomiplanperioden lagt inn 4,8 mill. kroner til investering i digitale løysingar for utvikling av dei kommunale tenestene.	1 200 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000	Investering
2.6-B	Digitalisering. Det er i økonomiplanperioden lagt inn 0,9 mill. kroner til investering i ikt-utstyr.	900 000	900 000	900 000	900 000	Investering
2.6-C	Digitalisering av gards- og bruksnummerarkivet. Det er i 2022 løyvd midlar til digitalisering av gards- og brikksnummer arkivet til Lom kommune. Prosjektet vil bli ferdigstilt i 2023. Det skal etablerast ein digital innsynsløysing for tilgjenge til kommunal eigedomsinformasjon, og det er lagt inn årlege lisenskostnadar for løysinga på 145.000 kroner.	145 000	145 000	145 000	145 000	Drift
2.6-D	Digital sårbehandling. Legespesialist blir ved behov i primærhelsetenesten kopla på via VR-briller. Samarbeid med Sjukehuset Innlandet.	X	X	X	X	
2.6-E	Digitalt heimeoppfølging. Regionalt prosjekt for å legge til rette for at pasientar kan få digital heimeoppfølging i staden for å måtte oppsøke helsetenesten. Tiltaket vil avlaste heimetenesten og legetenesten.	X	X	X	X	
2.6-F	Kommunen deltek i kompetansehevenade tiltak gjennom Digi Innlandet - "Kompetanseløft digital"	X	X			
2.7	Bemanningsplanlegginga i kommunen skal legge til rette for at arbeidstakarar går i heile stillingar.					
2.7-A	KS - Rusta for framtida. Program for innovativ bemanningsleiing. Programmet går fram til og med 2023, men Lom kommune vil arbeide i tråd med prinsippa i programmet framover i økonomiplanperioden.	X	X	X	X	
2.7-B	Det skal gjennomførast systematisk kompetansekartlegging ved alle tenestemråda.		X			

Hovedmål, delmål og tiltak		2023	2024	2025	2026	Økonomi
3	Lom kommune skal vere eit sosialt berekraftig lokalsamfunn					
Lom kommune skal vere kjenneteikna av at innbyggjarane har god tillit til samfunnet, kvarandre og forvaltninga.						
3.1	Kommunale råd skal nyttast aktivt for å sikre medverknad på aktuelle saker før behandling i kommunestyret.	X	X	X	X	
3.2	I Lom skal det vere tilgang på arbeid, utdanning og gode nærmiljø.					
3.2-A	Jobbspesialist. I samarbeid med Skjåk har kommunen etablert jobbspesialist som har ansvaret for utvida oppfølging for å sikre varig sysselsetting.	200 000	200 000	200 000	200 000	Drift
3.2-B	Desentralisert utdanning. Kommunen skal jobbe for å behalde og vidareutvikle desentralisert utdanning i regionen. Dette krev regionalt samarbeid.	X	X	X	X	
3.3	Dei som bur i Lom skal føle at dei høyrer til i lomssamfunnet.					
3.3-A	Flyktningar. Det er i 2022 busett 15 flyktningar i Lom, og det er planlagt for å busette 15 flyktningar i 2023.	X	X	X	X	
3.3-B	Tilflyttartreff. Det skal arrangerast tilflyttartreff og sendast ut velkomstbrev til nye innbyggjarar.	50 000	50 000	50 000	50 000	
3.4	Kommunen skal arbeide for auka samfunnstryggleik, og innbyggjarane skal oppleve at det er trygt å bu i Lom.					
3.4-A	Brannhydrant. Brannhydranten er brukt som oppfyllingspunkt for utrykingskøyretøy, og er lokalisert ved helikopterlassen/brannstasjonen. Dette er i økonomiplanperioden lagt inn 120.000 kroner til dette tiltaket.	120 000				Investering
3.4-B	Brannbil. Lom og Skjåk brannvesen har utskiftingsplan der det er lagt inn ny brannbil til Lom brannstasjon. Det er i økonomiplanperioden lagt inn 2,9 mill. kroner til dette tiltaket.			2 937 500		Investering
3.4-C	Beredskapsradioar. Det er investert i beredskapsradioar til den kommunale kriseleinga, samt heimesjukepleia og operativt personell ute. Det er sett av 87.000 kroner til drift- og lisenskostnader.	87 000	87 000	87 000	87 000	Drift
3.5-D	Nasjonalt kompetansesenter for fjellredning. Lom kommune har i vedtak frå 2021 løyvd til saman 1,4 mill. kroner fordelt over budsjettåra 2022 og 2023 til vidareutvikling av eit nasjonalt kompetansesenter for fjellredning i Lom.	700 000				Fond
3.5-E	Beredskapskoordinator. Lom og Skjåk brannvesen skal frå 2023 overta rolla som beredskapskoordinator for Lom og Skjåk kommunar. Det er lagt inn ein styrking av brannvesenet med 87.000 kroner som å fylle denne rolla.	87 000	87 000	87 000	87 000	Drift

Attraktivitet

Samfunnsplanen sine hovudmål knytt til attraktivitet:

4. Lom kommune skal støtte opp om eksisterande næringsliv og legge til rette for lokal verdiskaping, nyetableringar og heilårsarbeidsplassar
5. Lom kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar
6. Lom kommune skal vere ei god kommune å besøke, bu og drive næring i
7. Lom kommune skal bidra til eit velfungerande og mangfaldig bustadtilbod i samarbeid med andre aktørar

Satsingsområde attraktivitet viser at næringsutvikling må sjåast i samheng med andre viktige kommunale innsatsområde som t.d. bustadutvikling, inkludering, stadsutvikling og tilflytting.

"Bustadsattraktivitet" vil vere avgjerande i kampen om arbeidskraft. Arbeidsplassar i seg sjølv er ikkje tilstrekkeleg. I mange samanhengar vil det vere naudsynt å tenkje regionalt for å oppnå resultat og framstå attraktiv, utan å undervurdere verdien av lokale tenestetilbod og utviklingskrafta som ligg i levande grender.

Omlag 2200 innbyggjarar har kvardagen sin i Lom. Eit godt kvardagsliv heng tett saman med at ein har ein jobb ein trivst med og ein god plass å bu. For å sikre eit godt, berekraftig og attraktivt lokalsamfunn må kommunen fyrst og fremst ta vare på dei som allereie er her. Befolkningsvekst gir auka handlingsrom, men bør ikkje vere det overordna målet. Ei landbruks- og reiselivskommune som Lom er sårbar for svingingar og nedgangstider. Kommunen har svært avgrensa med næringsareal både i og utanfor sentrum, og vil per i dag i liten grad kunne tiltrekke seg arealkrevjande etableringar. Samtidig har Lom store sentrumskvalitetar, med storslått natur lett tilgjengeleg og ein felles jobbmarknad med nabokommunane. Statuavhengige arbeidsplassar kan gje store moglegheiter, dersom det blir lagt til rette for det. Studiar av suksessfulle distriktskommunar visar at det er viktig med ein offensiv og positiv kultur for å lykkast. Lom kommune sin evne til å engasjere og mobilisere næringsliv og innbyggjarar til felles innsats vil derfor vere viktig. Internt må kommunen jobbe godt på tvers av både fag og kommunegrenser der det er behov for det.

Hovedmål, delmål og tiltak		2023	2024	2025	2026	Økonomi
Lom kommune skal støtte opp om eksisterande næringsliv og legge til rette for lokal verdiskaping, nyetableringar og heilårsarbeidsplassar						
4						
4.1	Kommune skal synleggjere og legge til rette for tilgjengeleg næringsareal og næringslokale.					
4.1-A	Næringsareal. Jobbe for tilrettelegging av næringsareal og / eller vidareutvikling eller fortetting av eksisterande næringsareal. Tildeling av næringsstomter og oppfølging av festekontraktar knytt til næring. Oppdatere informasjon på nettsida om ledige næringslokaler.	1 200 000	X	X	X	Investering
4.1-B	Oppdatere og synleggjere informasjon om ledige næringsareal og næringslokaler i Lom.	X	X	X	X	
4.2	Kommune skal legge til rette for nettverksbygging, informasjon, rådgeving og støtteordningar til næringslivet.					
4.2-A	Informasjon og møteplassar. Kommunen skal drive informasjonsarbeid opp mot bedriftene gjennom t.d. nyheitsbrev, Lom næringsforum på Facebook og Instagram, heimeside og presse. Vidare skal kommunen legge til rette for møtearenaer for næringslivet.	X	X	X	X	
4.3	Kommunen skal stimulere til nytanking og utvikling i næringslivet, særleg innanfor digitalisering og det grønne skiftet.					
4.3-A	Næringsfond. Oppdatere retningsliner for bruk av næringsfond for i større grad stimulere til nytanking og utvikling i næringslivet.	X				
4.3-B	Bedriftsbesøk. Det skal gjennomføre bedriftsbesøk og kommunen skal hjelpe bedrifter med etablering /vidareutvikling.	X	X	X	X	
4.3-C	Skåppå. Vidareføre partnerskapsavtale med Skåppå.	40 000	40 000	40 000	40 000	Fond
4.3-D	Ungt entreprenørskap. Tiltak i barne- og ungdomskulen for å legge til rette for framtidige grunderere.	X	X	X	X	
4.3-E	Etableringskurs. Kommunen skal mobilisere til og profilere regionalt etableringskurs.	X	X	X	X	
4.3-F	Kommune skal vere ein ansvarleg innkjøpar, som sikrar mest mogleg lokal verdiskaping innfor reglane for offentlege anskaffingar.	X	X	X	X	
4.4	Kommunen skal samarbeide med nabokommunar om næringsutvikling.					
4.4-A	Næringsssamarbeid. Det er etablert eit prosjekt for å legge til rette for eit tettare næringsssamarbeid på tvers av kommunegrensene i Nord-Gudbrandsdalen. Arbeidet starta opp i juni 2021. Det er utarbeidd ein rapport og implementering vil halde fram gjennom 6K næring.	X				
4.5	Kommune skal stimulere til generasjonsskifte på gardane og jobbe for å auke rekrutteringa til landbruket.					
4.5-A	Rekruttering i landbruket. Gjennomføre tiltak for å auke rekrutteringa til landbruket. Avløysarkurs for ungdom. Møteplass for unge og komande bønder. Inspirasjonsbønder.	120 000	X	X	X	Drift
4.5-B	Psykisk helse i landbruket. Kommunen koordinerer "Bondens nettverk" i Lom og Skjåk som skal forebygge psykisk uhelse i landbruket og vere eit sikkerheitsnett viss ei ulykke rammar ein bonde.	X	X	X	X	
4.5-C	Folkehelseiltak i landbruket. Kommunen skal bidra til å skape sosiale møteplassar og samarbeide om folkehelseiltak som t.d. treningstilbod for gardbrukarar.	X	X	X	X	

Hovedmål, delmål og tiltak		2023	2024	2025	2026	Økonomi
5	Lom kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar					
5.1	Kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar med sterke og innovative fagmiljø.					
5.1-A	Universitetsregionprosjektet. Prosjektet skal auke innovasjonstrykket i kommunane og regionen gjennom nyskaping og omstilling basert på oppdatert kunnskap og forskning. I prosjektperioda skal det byggjast nettverk, strukturar, kompetanse og kultur for nyskaping som er robust nok til å leve vidare etter avslutta prosjektperiode.	X				
5.2	Det skal leggstil rette for kompetanseheving, utvikling og myndiggjering av arbeidstakarane i kommunen.					
5.2-A	Kommunen deltek i ulike fagnettverk som bidreg til utvikling, innovasjon og omstilling.	X	X	X	X	
5.3	Kommune skal vere i front med å ta i bruk ny teknologi i tenesteutviklinga.					
5.3-A	Teknisk vaktmeister. For å hjelpe tenesteområda i utvikling og implementering og drift av ny teknologi, og drift av teknologi som er innført blir det i 2023 tilsett ein teknisk vaktmeister.	700 000	700 000	700 000	700 000	Drift/ investering
5.3-B	Prosjektet Velferdsteknologi til barn, unge og vaksne med medfødte eller tidlig erverva funksjonsnedsetningar. Dette er ein del av det regionale velferdsteknologiprojektet.	X				
5.4	Som arbeidsgjevar skal kommune stimulere til samarbeid med fagmiljø i andre kommunar.					
5.5	Det skal praktiseraserast tillitsbasert styring og leing i Lom kommune.					
5.5-A	Folkevaldopplæring. Det skal gjennomførast folkevaldopplæring med KS årleg.	X	X	X	X	
5.5-B	HMS-grupper. Arbeidet med HMS-grupper blir etablert i dei enkelte tenesteområda som ei vidareføring av piloteringa frå institusjonsbasert omsorg i 2022	X	X	X	X	

Hovedmål, delmål og tiltak		2023	2024	2025	2026	Økonomi
6	Lom kommune skal vere ei god kommune å besøke, bu og drive næring i					
6.1	Det skal arbeidast for at både arbeidsplassar og aktivitetstilbod blir heilårsbaserte.					
6.2	Lomsamfunnet skal tiltrekke seg folk med stadsuavhengige arbeidsplassar.					
6.2-A	Stadsuavhengige arbeidsplassar. Det er i økonomiplanperioden lagt inn 0,3 mill. kroner til satsing på stadsuavhengige arbeidsplassar.	150 000	150 000			Fond
6.3	Kommune skal saman med andre arbeide for ei positiv utvikling av tettstadane våre, med særleg fokus på Fossbergom og Lom sin status som nasjonalparklandsby og nasjonalparkkommune.					
6.3-A	Sentrumstiltak. Det er i økonomiplanperioden lagt inn 4,25 mill. kroner til sentrumstiltak. Det vart i 2022 utarbeidd ein moglegheitsstudie for Lom sentrum. Det er sett av midlar til vidare prosjektering av einskildtiltak i moglegheitsstudiet og gjennomføring av tiltak.	1 250 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	Investering
6.4	Lomsamfunnet skal formidle alt det positive med å bu, besøke, arbeide og drive næring i Lom.					
6.4-A	Bygdeutviklar. Det er i 2022 tilsett ein bygdeutviklar i treårig mellombels stilling. Tiltaket starter fyrst i 2023 på grunn av avvika permisjon i 2022.	800 000	800 000	800 000		Fond
6.5	Lom skal framstå som attraktiv som bustadskommune.					
6.5-A	Nettside for marknadsføring. Det skal utgreiast kva for medium som skal brukast til marknadsføring. Tiltaket bør vurderast regionalt.	X				
6.5-B	Reguleringsplan. Regulering av ny del av bustadsfeltet i Frisvoldskogen	500 000				Drift
6.6	Lom kommune skal jobbe for betre infrastruktur, herunder eit velfungerande breiband- og telefonitilbod og kollektivtilbod.					
6.6-A	Oppgardering veg. Det er i økonomiplanperioden lagt inn 1,2 mill. kroner til forarbeid for asfaltlegging og oppgradering av veg. Behovet vil bli kartlagt og synleggjort i utarbeidinga av hovedplan for veg. Vidare er det lagt inn 3 mill. kroner til dekkeprogram og oppgradering av kommunal veg. Det er naudsynt å regelmessig få utført reasfaltering av asfalterte vegar samt asfaltering av utvalde grusveggar. Tiltaka vil gi standardheving på kommunale vegar delvis med oppgradering av grusveggar med fast dekke samt auke standard på asfaltdekke. Før asfaltering skal det utførast grøftereinsk, delvis nye stikkrenner og forsterking av vegkantar som også medfører standardheving.	1 200 000	3 000 000			Investering
6.6-B	Garmo kyrkje, parkeringsplassar. Det er i økonomiplanperioden lagt inn 0,2 mill. kroner til oppgradering av dagens parkeringsplass ved Garmo kyrkje. Plassen oppfyller ikkje dagens behov ved større arrangement, og vegen opp til kyrkja blir brukt til parkering. Dette vil mellom anna kunne vera til hinder for blålosetatane.	200 000				Investering
6.6-C	Loar skule. Det er i økonomiplanperioden lagt inn 0,5 mill. kroner til oppfølging av tiltak som følge av ny reguleringsplan for Loar skule.		500 000			Investering
6.6-D	Skilting i Lom sentrum og parkering for lastebilar og bussar. Det er sett av 600.000 kr. til opparbeiding av p-område for bussar og lastebilar. Det er sett av 400.000 kr. til skilting til p-plassar for busser, lastebilar og campingvognar/campingbilar på alle innfartsveggar til Lom.	1 000 000				Investering
6.7	Kommune skal framstå samstemd og samarbeidsviljug i møte med næringsliv, lag og organisasjonar, innbyggjarar, tilflyttarar og gjestar.					
6.7-A	Redusert leige for lag og organisasjonar. Kommunen vedtok i 2022 at alle lokale lag og organisasjonar skal få gratis leige av kommunale lokal inntil 10.000 kr. årleg. I gebyrregulativ for 2023 er det vedteke reduserte satsar for lokale lag og organisasjonar som ein erstatning for regelen om gratis leige inntil 10.000 kr. Det er lagt inn 180.000 kroner for å dekke tap av leigeinntektar.	180 000	180 000	180 000	180 000	Drift
6.8	Kommune skal tilrettelegge for gode arenaer for kultur og kulturformidling, og bidra til å forvalte og formidle den lokale kulturarven.					
6.8-A	Vedlikehald kyrkjer. Det er i økonomiplanperioden sett av 1,035 mill. kroner til renovering og vedlikehald av kyrkjene i Lom.	117 500	617 500		300 000	Drift
6.8-B	Bokkafe. Det er etablert bokkafe på Lom folkebibliotek som arena for læring, oppleving og samvær. Det er lagt inn 40.000 kroner for å dekke utgiftar til kafedrifta.	40 000	40 000	40 000	40 000	Drift
6.8-C	Meirope bibliotek. Det er i 2022 investert i utstyr lokal for å etablere meirope bibliotek. Biblioteket får utvida opningstider og sjølvbeteningsløysingar. Det er lagt inn 15.000 kroner til drift dette tiltaket.	15 000	15 000	15 000	15 000	Drift
6.8-D	Utgard. Det skal arbeidast for fleire arrangement i Utgard med ulike kulturuttrykk, i samarbeid mellom ulike aktørar.	X	X	X	X	
6.8-E	"Lomsviku" i Lomsskulen med ulike lokale emne. Elevane skal lære å kjenne sin eigen kommune, både natur,	X	X	X	X	
6.9	Kommune skal ha ein aktiv dialog med ungdom og unge vaksne om kva som skal til for at dei skal bli verande					

Hovedmål, delmål og tiltak		2023	2024	2025	2026	Økonomi
7 Lom kommune skal bidra til eit velfungerande og mangfaldig bustadtilbod i samarbeid med andre aktørar						
7.1 Kommune skal bidra til at det blir enkelt å finne seg bustad til sal eller leige i Lom.						
7.1-A	Kommunen skal vidareføre arbeidet med Strategisk gruppe for bustadsutvikling	X	X	X	X	
7.2-B	Delta på regionkontorets prosjekt "tilflytting 2.0". Stillingslepp og Læringsleppet. Boligtorget Nord-Gudbrandsdalen og komtiloss.no	X	X	X	X	
7.2 Kommune skal saman med andre aktørar arbeide for god tilgang på private og kommunale bustadtomter både sentrumsnære og i grendene, for ulike typer bustader om målgrupper.						
7.2-A	Gnist. Lom kommune har i 2022 vore Gnist-kommune der prosjektet har sett på utvikling av Kulihaugen som bustadområde. Det ligg føre ein rapport frå prosjektet og det er lagt inn 0,1 mill. kroner i økonomiplanperioden til vidare oppfølging av prosjektet.	100 000				Fond
7.3 Lom kommune skal legge til rette for kommunale bustader som er tilrettelagde for den enkelte brukar sine behov.						

Leve heile livet i Lom

Samfunnsplanen sine hovudmål knytt til Leve heile livet i Lom:

8. Lom skal vere eit inkluderande samfunn
9. Lom skal vere eit samfunn kjenneteikna av aktivitet og fellesskap
10. Lom skal vere kjenneteikna av helsefremjande aktivitetar og tiltak
11. Lom kommune skal ha tilpassa tenester
12. Lom kommune skal vere kjenneteikna av samanhengande tenester

Noverande og komande samfunnsutvikling, nasjonale reformar og satsingar set krav til tenesteytinga i Lom kommune. Berekraft, i form av tilgjengelege menneskelege og økonomiske ressursar må vere styrande for korleis Lom skal utvikle, organisere og tilby tenestene sine. Kommunen har i arbeidet med tenestetilboda utvida satsingsområdet Leve heile livet til å gjelde i eit livsløpsperspektiv og gjennom dette inkludere føringane som ligg i oppvekstreforma.

Tenesteutviklinga i Lom skal kjenneteiknast av tidleg innsats, førebygging, kvardagsmeistring, tverr-sektorielt og tverrfagleg samarbeid, og koordinert oppfølging. Kommunen må koordinere innsats frå det som til no har vore frittstående sektorar og gjennom dette byggje eitt lag rundt tenestemottakar. Oppvekst, helse og velferd, pleie og omsorg, kultur, næringsliv og friviljugheit må samarbeide og auke den relasjonelle kapasiteten internt og i møte med innbyggjar for å skapa dei gode og naudsynte tenestene og rammene for befolkninga i Lom.

Relasjonell kapasitet er evna til å skapa effektive samarbeidsrelasjonar om komplekse og dynamiske tverrfaglege og tverrsektorielle oppgåver, når og der behovet oppstår. Dette krev tilsette som er innstilte på samarbeid og som har handlekraft og fleksibilitet. Relasjonell velferd og samskaping skal

ligge til grunn som ei overordna ramme i den vidare utviklinga. Dette betyr ei betydeleg endring i korleis Lom kommune skal forstå, skape og utvikle tenester framover. Samanhengande forløp, samskaping og fleirfaglegheit skal vere sentralt.

Dersom kommunen skal lykkast med ei slik dreining, vil det vere naudsynt å drive innovasjonsarbeid der ein systematisk testar, prøvar, feilar, lykkast, lærer og deler praksis og kunnskap til det beste for innbyggjar. Relasjonell velferd har ambisjon om at verdien i kommunale innsatsar blir målt i kvaliteten på innbyggjarane sine liv, framfor i ytingar og fagleg kompetanse. Det er også dette som blir kalla samskapingkommunen, eller kommune 3.0. Auka livskvalitet skal vera eit viktig mål for all tenesteyting. Dreininga mot tverrsektorielle arbeidsprosessar og tenester i eit livsløpsperspektiv vil bidra til betre ressursutnytting, auka berekraft, styrke moglegheit for tidleg innsats og merksemd på langsiktige og koordinerte tenester.

Satsingsområdet Leve heile livet i Lom har mange mål. Talet speglar mangfaldet i området som kommunen i sin heilskap må arbeida med framover. Måla er overordna og i 2023 vil det gjennomførast prosessar for å konkretisere kva dei betyr for ulike grupper i kommunen.

Innbyggjarar, tilsette, næringsliv og frivilligheita vil gjennom arbeidet sette sitt preg på kva måla betyr for dei og kva som skal til for å nå dei. Kunnskapen frå prosessarbeidet vil vera utgangspunkt for ein målretta strategi der handlings- og økonomiplanen prioriterer tiltak som skal utvikle Lom i ønskt retning.

[Reforma Leve hele livet](#)

[Oppvekstreforma](#)

Hovedmål, delmål og tiltak		2023	2024	2025	2026	Økonomi
8	Lom skal vere eit inkluderande samfunn					
8.1	Innbyggjarar skal planlegge egne liv og alderdom.					
8.1-A	Kampanjen "Planlegge litt" (utvikla i samband med Leve hele livet reforma) kommuniserast til innbyggjarane i Lom.	X	X	X	X	
8.2	Innbyggjarane skal kunne bidra i utviklinga av lomssamfunnet.					
8.2-A	Hagegruppe. Det skal takast initiativ til å etablere ein hagegruppe i Utgard for å opparbeide og skjøtte utearealet.	X	X	X	X	
8.2-B	Planprosessar. Kommunen skal legge til rette for involverande planprosessar som sikrar medverknad og samskaping.	X	X	X	X	
8.3	Kommunen skal samarbeide med frivilligheita og næringslivet.					
8.3-A	Forskning med SINTEF. Følgje opp anbefalingar i forprosjekt om førebyggjande helsetenester som er gjennomført med SINTEF. Mogleg nytt prosjekt i samarbeid med SINTEF i 2023.	X				
8.3-B	Frivilljugsentralen. Etablere fast møtstruktur med Lom frivilljugsentral som koordinerer samarbeidet med frivilligheita. I budsjett 2022 er det lagt inn 100.000 kr. i kommunalt tilskot til frivilljugsentralen. I budsjett for 2023 er tilskotet auka med 100.000 kr.	100 000	100 000	100 000	100 000	Drift
8.4	Innbyggjarane skal få nytta ressursane sine.					
8.4-A	"På veg til arbeid". Nyetablering av sysselsettingstilbodet, vertskommune Skjåk. "På veg til arbeid" er eit arbeidsretta tilbod skal bidra til å få fleire ut i meningsfull aktivitet og arbeid.	150 000	50 000	50 000	50 000	Drift
8.4-B	"Framtidas kulturskule". Utviklingsarbeid med mål om å løfte kulturskulen som aktør i samfunnsutviklinga, og bidra til at kommunen og kulturskulen etablerer arbeidsformer som kan styrke kulturskulen sin rolle og funksjon.	X	X	X	X	Drift

Hovedmål, delmål og tiltak		2023	2024	2025	2026	Økonomi
9	Lom skal vere eit samfunn kjenneteikna av aktivitet og fellesskap					
9.1	Innbyggjarar skal oppleve gode møte med tilsette i Lom kommune.					
9.1-A	"Kva er viktig for deg". Helsetenesten i Lom tar inn konseptet "Hva er viktig for deg?" som er utvikla av Folkehelseinstituttet i internopplæring og rutiner.	X	X	X	X	
9.2	Innbyggjarane i Lom får praktisert livssynet sitt og verdiane sine.					
9.3	Lomssamfunnet skal vere kjenneteikna av generasjonsmøte.					
9.3-A	Aktivitet for ungdom. I budsjett for 2022 vart det vedteke å tilsette ein ungdomskonsulent. For å legge til rette for tiltak og aktivitet for ungdom er det lagt inn 50.000 kroner årleg i økonomiplanperioden.	50 000	50 000	50 000	50 000	Drift
9.4	Kommunen skal vere eit bindeledd/koordinator mot nærmiljø, familie og pårørende, frivillige og andre i lomssamfunnet.					
9.5	Lomssamfunnet skal vere kjenneteikna av sambruk og samlokalisering på tvers av aldersgrupper.					
9.5-A	Hensiktsmessig bruk av føremålsbygg. Det skal leggast til rette for sambruk på tvers av aldersgrupper og aktiviteter. Døme på dette kan vera Friviljugsentale og ungdomsklubb. Bibliotekkafe og andre lag/foreiningar. Øvingar frå kulturskulen.	X	X	X	X	

Hovedmål, delmål og tiltak		2023	2024	2025	2026	Økonomi
10	Lom skal vere kjenneteikna av helsefremjande aktivitetar og tiltak					
10.1	Det er ønskeleg at innbyggjarane har høg helsekompetanse.					
10.1-A	Helsekompetanse. Kommunen implementerer Helsedirektoratet sine anbefalingar for styrking av befolkningen sin helsekompetanse. Innføring startar i 2024 og blir ein årleg aktivitet.		X	X	X	
10.2	Kommune skal legge til rette for og fremje fokus på gode og sunne måltid.					
10.2-A	"Matglede". Ernærings tiltak ved institusjonskjøkenet for beboarar ved Lom helseheim og t	X	X	X	X	
10.3	Innbyggjarar skal ha gode moglegheiter for fysisk aktivitet.					
10.3-A	Dagsturhytte. Planlegge oppføring av Dagsturhytte. Kommunestyret har vedteke oppføring	X	X			
10.3-B	Aktive saman. Vidareføre tiltak i samarbeid mellom fysioterapitenesten og Friviljugsentralen	X	X	X	X	
10.3-C	Uteskule og aktiv læring. Kommunen har arbeidd målretta og godt med dette over fleire år	X	X	X	X	
10.3-D	Folkebadning i Utgard. Kommunen skal leggje til rette for folkebadning i Utgard med kvalifiserte badevaktar	X	X	X	X	
10.4	Kommune skal fremje god psykisk helse.					
10.4-A	FACT-team. For å styrke den psykiske helsetenesta er det lagt inn 70.000 kroner årleg i økonomiplanperioden til ein regional stilling knytt til FACT-tamet.	70 000	70 000	70 000	70 000	Drift
10.4-B	"Meistre heile livet". Kommunen skal implementer tiltak og aktivitetar i tråd med Regjeringa sin strategi Meistre heile livet.			X	X	
10.5	Innbyggjarar skal kunne ha verktøy for livsmeistring.					
10.5-A	LINK, livsmeistring i norske klasserom. Tiltaket er ein del av ny læreplan og skal gi elevane kompetanse som fremmer god psykisk og fysisk helse, og gje moglegheit til å ta ansvarlege livsval.	X	X	X	X	

Hovedmål, delmål og tiltak		2023	2024	2025	2026	Økonomi
11	Lom kommune skal ha tilpassa tenester					
11.1	Kvardagsmeistring skal vere eit sentralt mål for tenestetilboda.					
11.1-A	Kvardagsrehabilitering. Styrke arbeidet med kvardagsrehabilitering gjennom samarbeid med fysio/ergo.	X	X	X	X	
11.2	Tenestetilboda skal vere kjenneteikna av tidleg innsats og førebyggjande tiltak.					
11.2-A	Helsestasjon. For å koma i møte krav om barnekoordinator og føringar i oppvekstreforma, er det i økonomiplanperioden årleg lagt inn 0,43 mill. kroner. Det vil bli søkt om statlege styrkingsmidlar for å finansiere tiltaket.	430 000	430 000	430 000	430 000	Drift
11.2-B	Tidleg oppdaging av forverring. Pasientsikkerheitskampanje i regi av Utviklingssenteret for sykehjem og hjemmetjenester i Innlandet. Skal legge til rette for opptrening av personal til å oppdage forverring på eit tidleg tidspunkt.	X	X	X	X	
11.2-C	Tverrfagleg ressursgruppe. Gje barn, unge og familiar rett hjelp på eit tidleg stadium.	X	X	X	X	
11.2-D	Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Satsinga skal vidareførast.	X	X	X	X	
11.2-E	Det skal utarbeidast ein plan for kommunen sitt førebyggjande arbeid. Planen skal beskrive kva som er måla for arbeidet, korleis arbeidet skal organiserast og fordelast mellom tenestene i kommunen, og korleis tenestene skal samarbeide internt i organisasjonen og med dei interkommunale tenestene.	X	X	X	X	
11.3	Alle skal ha ein god plass og bu.					
11.3-A	Bolig for velferd. Kommunen deltek i nettverk "Bolig for velferd Innlandet", der alle kommunar i Innlandet får tilbod om samlingar og ein-til-ein-oppfølgning. Vidare skal kommunen ha startlånsmidlar frå Husbanken.	X	X	X	X	
11.4	Behovskartlegging skal ligge til grunn for tenestetilbod til den enkelte.					
11.4-A	Kreftomsorg. Kreftomsorgen i kommuna blir styrka med bruk av kreftsjukepleiar i tenesten.	X	X	X	X	
11.4-B	Tidleg innsatssteam. Tiltak i regi av ergoterapeut og tildelingskontoret med førebyggjande helsesamtalar og tilrettelegging.	X	X	X	X	
11.4-C	Revidering av kvalitetsstandard. Prinsippsak om dekningsgrad ved institusjon skal ligge til grunn for å revidere kvalitetsstandard på helsetenester.	X				
11.5	Tenestene skal vere kjenneteikna av systematisk og fortløpande kartlegging og oppfølging.					

Hovedmål, delmål og tiltak		2023	2024	2025	2026	Økonomi
12	Lom kommune skal vere kjenneteikna av samanhengjande tenester					
12.1	Familiar og pårørande skal få støtte og avlastning, og tenester skal byggast rundt familien.					
12.1-A	Fråværsoppfølging. Dette er eit tiltak for å følge den einskilde elev og familie tettare, jf. føringar i oppvekstreforma. Tverrfagleg ressursgruppe takast også i bruk ved fråværsaker.	X	X	X	X	
12.2	Tenestetilbodet skal kjenneteiknast av kontinuitet, og tenestemottakar skal ha ferrest mogleg å forhalde seg til.					
12.2-A	Fastlegetenesta. For å styrke kapasiteten i den kommunale primærhelsetenesta er det lagt inn 0,36 mill. kroner årleg i økonomiplanperioden til ein auka fastlegeheimel.	360 000	360 000	360 000	360 000	Drift
12.2-B	"Laget rundt familien". Tidleg innsats skal ligge til grunn for oppvekstreformen. Dokumentasjon vil vera eit viktig arbeid i internkontrollen.	X	X	X	X	
12.3	Samarbeid og koordinerte prosessar skal kjenneteikne tenestetilbodet.					
12.3-A	Instansmøter. Det skal innførast instansmøter rundt fleire elevar slik at kommunen kan stå samla i sin oppfølging av elevar, jf. føringar i oppvekstreforma.	X	X	X	X	
12.3-B	Tettare samarbeid med PPT. Det skal etablerast faste PPT-dagar på skulane, jf. føringar i oppvekstreforma.	X	X	X	X	
12.3-C	Dekomp. Kompetanseutvikling for skulane. Satsinga blir vidareført.	X	X	X	X	
12.3-D	Rekomp. Kompetanseutvikling i barnehagane. Satsinga blir vidareført.	X	X	X	X	
12.4	Kommunen skal legge til rette for gode overgangar mellom tenestenivå og -tilbod internt i kommunen.					
12.4-A	Styrke tverrfagleg samhandling og koordinert innsats. Struktur skal bidra til å løyse oppgåvene.	X	X	X	X	
12.5	Det skal vere fungerande overgangar mellom kommune og andre tenesteytarar.					
12.5-A	Helsefellesskap Innlandet. Ny samordningsmodell mellom kommunane og Sykehuset Innlandet. Samhandling på tre nivå; partnerskapsmøte ein gang i året, strategisk samarbeidsutval fire gangar i året og fagleg samarbeidsutval seks gangar i året.	X	X	X	X	

Planstrategi og planarbeid 2023

Kommunestyret skal minst ein gong i kvar valperiode og seinast eitt år etter konstituering utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Planstrategien er retningsgjevande for den kommunale planlegginga og skal såleis vere grunnlaget for kva planarbeidet kommunen skal prioritere den neste perioden.

Den gjeldande kommunale planstrategien vart vedteken av kommunestyret 24. november 2020.

Kommuneplanens samfunnsdel er til endeleg behandling i november og desember 2022. Ved vedtak vil denne sørge for eit oppdatert grunnlag for det årlege arbeidet med handlings- og økonomiplan.

Etter kommunevalet i 2023 skal det også utarbeidast ny planstrategi. Ein ønskjer da å innlemme planstrategien i økonomi- og handlingsplanen, som blir utarbeidd årleg. Dermed sikrar ein også ein årleg gjennomgang av planstrategien. Dette er nyttig for å halde planstrategien oppdatert og relevant, og samtidig få ei jamleg drøfting av prioriteringar og naudsynte endringar.

Handlingsreglar for overordna økonomisk styring

Handlingsregel 1 Korrigert netto driftsresultat

Mål for korrigert netto driftsresultat er 2% av driftsinntektene. Netto driftsresultat er korrigert for bundne fond.

Økonomiplan legg opp til følgjande resultat i perioden 2023-2026:

2023: 13,6% Resultat blir avsett med 4 mill. kroner til disposisjonsfond Utbytte, og 40,6 mill. kroner til disposisjonsfond kraftinntekter. Vidare er det lagt opp til bruk av 0,7 mill. kroner til styrking av næringsarbeidet.

2024: 0% Resultat blir avsett med 0,6 mill. kroner til disposisjonsfond Utbytte. Vidare er det lagt opp til bruk av 0,7 mill. kroner til styrking av næringsarbeidet.

2025: -0,8% Resultatet krev bruk av disposisjonsfond med 1,6 mill. kroner. Vidare er det lagt opp til bruk av 0,7 mill. kroner til styrking av næringsarbeidet.

2026: -1,8% Resultatet krev bruk av disposisjonsfond med 4,9 mill. kroner.

Det er viktig å merke seg at Lom kommune har lagt til grunn faktisk innbetalt pensjonspremie til KLP. Med bakgrunn i rekneskapsreglar kan kommunen budsjettere for pensjonskostnaden, som i 2023 vil vera om lag 18 mill. kroner lågare enn innbetalt premie.

Handlingsregel 2 Disposisjonsfond

Mål for disposisjonsfond er 10% av driftsinntektene.

Økonomiplan legg opp til følgjande resultat i perioden 2023-2026:

2023: 42,8%

2024: 49,9%

2025: 48,9%

2026: 45,6%

Føresetnaden for fondsresultat ligg i avsetting av konsesjonskraft i 2022-2023.

Handlingsregel 3 Netto lånegjeld

Mål for netto lånegjeld er at dette ikkje skal overstige 65% av driftsinntektene.

Økonomiplan legg opp til følgjande resultat i perioden 2023-2023:

2023: 75%

2024: 78%

2025: 79%

2026: 79%

Netto lånegjeld er sum lånegjeld med fråtrekk av utlån til andre.

Det er forventa at prosjektering av framtidig bu- og tenestetilbod pleie og omsorg skal danne grunnlag for val av investeringar. Dette vil bli lagt inn ved rullering av økonomiplan 2024-2027.

Demografi


Dei regionale framskrivingane viser at befolkninga i Norge veks med 11 prosent fram til 2050, men at denne auka er ujamt fordelt geografisk. Resultatet viser sentralisering, og dette fører til sterk aldring i distrikta.

Folketalet i Lom har dei 10 siste åra vorte redusert med om lag 200 innbyggjarar, og ser ein 20 år attende i tid, er det ein reduksjon med om lag 370 innbyggjarar.

Framskrivning for Lom frå SSB (MMM alternativet) viser at ein kan forvente ein ytterlegare reduksjon ut frå dagens nivå, med om lag 150 personar fram til år 2030 og 360 personar fram til år 2050. Frå utgangen av 2. kvartal 2021 til same tidspunkt i 2022, er det ein vekst med 3 innbyggjarar.

Innbyggjartalet i Lom ved utgangen av 2. kvartal 2022 var 2214. [Kommunefakta Lom - SSB](#)

Målt ut frå nivå 2022 vil det samla utgiftsbehovet vere relativt stabilt fram mot 2032. Prioritering mellom dei ulike sektorane vil vere avgjerande for tenestetilbodet til dei ulike aldersgruppene i kommunen.



Anslag årleg endring i kommunen sitt utgiftsbehov (i 1000 kroner) per tenesteområde som følge av endring i befolkninga							
	Pleie- og omsorg	Grunnskule	Barnehage	Sosial	Kommunehelse	Barnevern	Sum
2023	-920	-315	-1 568	-208	-54	-200	-3 265
2024	2 463	629	763	-174	-28	-68	3 585
2025	890	-1 573	-	-164	-17	-141	-1 005
2026	2 046	-1 258	1 541	-156	9	-63	2 119
2027	1 985	-1 101	-395	-226	63	-119	207
2028	1 380	1 101	-1 312	-239	64	-30	964
2029	401	-472	-	-131	15	-61	-248
2030	3 103	-944	-	-98	33	-67	2 027
2031	552	-944	-	-81	1	-57	-529
2032	1 535	-1 415	-	-92	12	-103	-63
Sum 2023-2032	13 435	-6 292	-971	-1 569	98	-909	3 792

Demografimodell - KS



Dei demografiske utviklingstrekk vil treffe ulikt i den enkelte kommune, avhengig av blant anna flyttestraumar, næringsstruktur, størrelse og sentralitet. Lom kommune må planlegge framover med utgangspunkt i status og framskrivingar. Det er avgjerande med forståing for endringsbehovet når kommunen skal planlegge for ei heilskapleg utvikling av lokalsamfunnet.

Den demografiske utviklinga utfordrar både den økonomiske og sosiale berekrafta når ein ser 10-20 år fram i tid. Det er avgjerande å finne løysingar før utfordringane blir for store. Fleire eldre, færre innbyggjarar i arbeidsfør alder, kombinert med flyttestraumar mot byane og trongare økonomiske forhold vil utfordre kommunal tenesteproduksjon, inntektsgrunnlaget, tilgangen på arbeidskraft og dynamikken i lokalsamfunnet.


Aldersbæreevne

Aldersbæreevne syner talet på yrkesaktive bak kvar pensjonist. I Norge vil talet på personar som er 70 år og eldre auke frå 12,4 prosent i 2020 til 21,2 prosent i 2050. Frå å ha vore 4 yrkesaktive bak kvar pensjonist i 2020, vil talet minke til 2,2 yrkesaktive bak kvar pensjonist i 2050.

I Lom syner framskrivingar for dei neste 10 åra at talet på yrkesaktive vil minke med 232 personar, medan talet på eldre over 67 år vil auke med 116 personar. Dette utgjer ei auke på over 20 prosent for aldersgruppa eldre over 67 år ut frå dagens nivå, og aldersgruppa vil i 2023 utgjere om lag 1/3 av innbyggarsamansettinga.



KS har utvikla eit verktøy som skal hjelpe kommunane til å ta prioriteringar. Verktøyet kombinerer fakta om den enkelte kommune og den demografiske utviklinga med ein scenario-prosess som leiar til fortellingar om levd liv i 2040, avhengig av dei vala ein tek undervegs i verktøyet. Hensikta er å skape grunnlag for ny og meir langsiktig politikktutvikling, og rette fokus mot heilskapleg utvikling av lokalsamfunnet.



[Fremtidsverktøyet 2040 - KS](#)

Vesentlege inntekts- og utgiftsføresetnadar

Rammetilskot og skatt

Tal i heile tusen	Statsbudsjett 2022	Revidert statsbudsjett	Statsbudsjett 2023	Avvik opprinneleg budsjett
Innbyggartilskot	57 781	57 781	62 162	4 381
Utgiftsutjamning	20 999	20 999	16 772	-4 227
Ingar	-107	-107	3 669	3 776
Særskilt fordeling	333	333	1 387	1 054
Småkommunetillegg	6 034	6 034	6 257	223
Skjønnsmidlar				
Korona - tillegsløyving innbyggartilskot		373		
Økt realvekst og oppgåveendring		946		
Nytt tilskot pr. grunnskule		492		
Redusert rammetilskot som følgje av skatteanslag		-1 030		
Stortinget saldering budsjett		-80		
Endring etter Stortingets saldering		80		
RNB endring rammetilskot		-3 554		
Sum rammetilskot	85 040	82 267	90 247	5 207
Inntektsutjamning	14 351	18 702	15 059	708
Skatt	59 056	61 229	60 378	1 322
Sum skatt	73 407	79 931	75 437	2 030
Sum frie inntekter	158 447	162 198	165 684	7 237

Skatt og rammetilskot er budsjettert i tråd med forslaget til statsbudsjett. Dette utgjør samla ei auke med 7,2 mill. kroner opp mot budsjett 2022. Skatteanslaget byggjer på same innbyggartalet som rammetilskotet pr. 01.07.2022. Det er lagt opp til ei auke i skatteinntektene vidare i planperioden med 2,3 mill. kroner.

Kraftinntekter og utbytte

Konsesjonskraft er auka med 47,7 mill. kroner frå 2022. Inntekta er lagt inn med netto 61,5 mill. kroner i 2023 og 13,8 mill. kroner årleg vidare i planperioden. Avsetning til disposisjonsfond er lagt inn med 40,8 mill. kroner i 2023. *Vidare i planperioden er det ikkje lagt inn avsetning til fond, og med det blir ikkje prinsippvedtaket oppretthalde.*

Netto konsesjonskraft er resultatet av kjøp og sal av konsesjonskraft. Marknadspris på andre energikjelder, utvikling av andre (miljøvenlege) energikjelder, klimaendringar, nedbørsmønster, skatteregime er alle døme på element som ikkje er føreseieleg og som vil påverke pris framover.

Kommunestyret fatta i sak 1/2019 følgjande vedtak av handlingsregel med verknad frå 2020:

For konsesjonskraftinntekter blir netto inntekt i driftsbudsjettet sett til kr 7.000.000. Overskytande netto inntekt skal avsettast til konsesjonskraftfond.

Erstatning smådøla utgjør samla 0,8 mill. kroner årleg.

Konsesjonsavgift er budsjettert med 4,7 mill. kroner. Dette er same nivå som i 2022, og inntekta blir i si heilheit avsett til næringsfond.

Utbytte er lagt inn med 7 mill. kroner årleg. Det er signalisert høgare utbytte gjennom planperioden, men dette er ikkje lagt til grunn i denne rulleringa. Kommunestyret fatta i sak 1/2019 følgjande vedtak av handlingsregel med verknad frå 2020:

For utbytte frå AS Eidefoss blir kr 3.000.000 lagt inn i driftsbudsjett. Overskytande utbytte skal avsettast på utbytefond.

Nivået på netto driftsresultat er avgjerande for å kunne avsette til disposisjonsfond. Det er lagt opp til avsetning av utbytte med 4 mill. kroner i 2023, og 0,6 mill. kroner i 2024. *Vidare i planperioden er det ikkje lagt inn avsetning til fond, og med det blir ikkje prinsippvedtaket oppretthalde.*

Eigedomsskatt

Siste alminnelege taksering i kommunen vart gjennomført i 2012. På bakgrunn av særlege tilhøve knytt til demografiske endringar og omstillingsarbeid, blir takstane ståande urørt inntil tre år jamfør Eigedomsskattelova § 8 A-3 (2) andre punktum. Eigedomsskatten utgjer 0,4 mill. kroner på bustadar og fritidseigedomar, 0,7 mill. kroner på næringsbygg og 3,3 mill. kroner knytt til energianlegga, kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum. Skattevedtak fylgjer av protokoll frå vedtak i kommunestyret.

Skatteetaten opplyser at eigedomsskattegrunnlaga vil bli distribuert til kommunane i november.

Det ligg inne eit forslag i statsbudsjettet at nettselskapa også skal betale eigedomsskatt av arealet som linene og kablane beslaglegg. Fram til i dag er det grunneigar som må betale for dette arealet.

Denne endringa fører til at alle kommunar må foreta ei retaksering innan sommaren 2023.

Næringsfond

Samla avsetning til næringsfondet er lagt inn med 4,8 mill. kroner. Av dette utgjør konsesjonsavgift 4,7 mill. kroner og 0,1 mill. kroner i renter.

Løyvingar næring og tilflytting				
Tilskot til Visit Jotunheimen (2023, deretter søknad)	600 000	600 000	600 000	600 000
Tilskot til regionrådet (årleg, søknadsbasert)	447 000	447 000	447 000	447 000
Tilskit til landbruket (årleg, søknadsbasert)	500 000	500 000	500 000	500 000
Tilskot til skogbruket (årleg, søknadsbasert)	150 000	150 000	150 000	150 000
Tilskot til anna næringsliv (årleg, søknadsbasert)	800 000	800 000	800 000	800 000
Landbrukskontoret inklusiv skogbrukssjef (årleg)	1 798 000	1 798 000	1 798 000	1 798 000
Skåppå (2023, deretter søknad)	40 000	40 000	40 000	40 000
Norges nasjonalparkkommunar (årleg)	25 000	25 000	25 000	25 000
Tilflyttingsarbeid (årleg)	50 000	50 000	50 000	50 000
Nye tiltak i 2023:				
Løyving Norsk fjellsenter (ekstra næringssatsing)	700 000			
Stadsuavhengig arbeidsplass (ekstra næringssatsing)	150 000	200 000		
GNIST vidareføring (ekstra næringssatsing)	100 000			
Næringssjef og bygdeutviklar (ekstra næringssatsing)	1 880 000	1 880 000	1 880 000	1 080 000

Løns- og prisføresetnader

Lønsvekst er lagt inn med 4,2%. Auka er berekna etter lønsgrunnlag for 2022, og utgjør 3,5 mill. kroner. Med unntak av tenester i regionalt samarbeid og sjølvkostområde, er denne lønsposten budsjettet sentralt og vil bli fordelt til tenesteområda når lønsoppgjøret er kjent i 2023.

Løns- og prisveksten (deflator) er i forslag til statsbudsjett estimert med 3,7 %, og dette ligg til grunn for overføringa av rammetilskotet frå staten.

Pensjonspremien er 24,3% (fellesordning) og 21,7% (sjukepleiarar) for Kommunanes landspensjonskasse (KLP) og 9,35% for Statens pensjonskasse (SPK). Pensjonspremien blir berekna av pensjonsgivande løn. Premieavvik på pensjon er ikkje budsjettet, og vil som tidlegare år blir avsett til pensjonsfond og vil såleis ikkje ha resultatteffekt i 2023.

Pensjonspremie og arbeidsgjevaravgift aukar med 10,4 mill. kroner frå 2022 til 2023.

Vidare i planperioden er det lagt til grunn at premien vil bli redusert ned att frå 2023 nivå med 6 mill. kroner i 2024, 4 mill. kroner i 2025 og 2,5 mill. kroner i 2026.

For å dekke auka premie, er det lagt inn bruk av opparbeidd premiefond i KLP med 8 mill. kroner i 2023 og vidare 1 mill. kroner årleg i 2024-2026.

Arbeidsgivaravgift er lagt inn med 6,4 %. Det er nytt frå 2023 at det skal betalast 5% ekstra arbeidsgjevaravgift på løn over 750.000 kroner.

Sjukeløn er budsjettert med arbeidsgivar sin andel, som er 16 dagar. Det er ikkje lagt inn refusjonsinntekt på sjukeløn utover dette. Tenestemråda må budsjettjustere dette fortløpande i 2023 slik at auka vikarutgift blir dekt med sjukelønsrefusjon.

Prisjustering er estimert til 3 % i forslag til statsbudsjett for 2023. Det er ikkje lagt inn auke til tenestemråda for å kompensere for dette. Konsekvensen av dette er at det må gjerast prioriteringar innafor driftsrammene for å dekke dette.

Gebyr og betalingsattsar er lagt inn i gebyrregulativ med 3 % auke frå 2022. (link til sak blir lagt inn før endeleg vedtak)

Rente på lån er lagt inn med 4,25 %. Rentebane frå Norges Bank er lagt til grunn, og denne viser følgjande for planperioden: 2023: 4,25%, 2024: 4%, 2025: 3,85 og 2026: 3,55%..

1. **Renter** er budsjettert med 8,7 mill. kroner, som er ei auke med 4,3 mill. kroner frå 2022.
2. **Avdrag** er budsjettert med 10,6 mill. kroner, som er ei auke med 0,8 mill. kroner frå 2022.

Renteinntekt frå ansvarleg lån til AS Eidefoss er med budsjettert med 720.000 kroner.

Startlån

Det blir lånt inn **startlånsmidlar** frå Husbanken med 3 mill. kroner årleg.

Det blir arbeidd med korleis kommunen skal forvalte utlån av desse midla. Startlån kan hjelpe dei som har langvarig problem med å få lån i vanleg banke til å kjøpe eller tilpasse eigen bustad. Startlån kan også nyttast til refinansiering, dersom husstanden står i farre for å miste bustad gjennom tvangssal på grunn av høge utgifter til bustad.

Risiko og utfordringar

I ein stram kommuneøkonomi er evna til å møte uføresette hendingar særleg krevjande. Nedanfor er det lista opp nokre faktorar som kan gi kommunen ytterlegare økonomiske utfordringar.

Pandemien Covid-19: Det er ikkje lagt til grunn at staten kompenserer for auka utgifter knytt til pandemien.

Busetting av flyktningar: Kommunen er ikkje kjent med oppmoding om busetting av flyktningar for 2023. Det er varsla at kommunane må gjera rekning med fleire flyktningar i 2023 enn i 2022. Det er lagt inn eit estimat om å busette 15 vaksne personar i grunnlaget pr. november.

Renteutvikling: Det er lagt til grunn 4,25 % rente på lån i 2023. For eksisterande lån er det berekna faktisk rente, korrigert for varsla renteutvikling frå Norges bank. Det er forventa at volumet på kommunens lånegjeld vil auke betrakteleg i slutten av planperioden, og dette gjer kommunen ekstra eksponert for endringar i rentenivået. Kommunen har rentesikring i form av vidare utlån av startlån, renter av ansvarleg lån til AS Eidefoss, lån for sjølvkostområde, bankbeholdning og fast rente på fleire lån.

Pensjon og løn: Pensjon og løn utgjer ca. 63 % av driftsutgiftene, og dersom lønsoppgjeret blir høgare enn budsjettet beløp, er det ikkje lagt inn ein reserve som dekker opp for dette. Rentenivået er også avgjerande for pensjonsutgifta. Det er ikkje lagt inn reservar som dekkjer opp for evt. avvik i budsjettet pensjonsutgift.

Konsesjonskraft og utbytte: Konsesjonskraft og utbytte er lagt inn etter grunnlag frå AS Eidefoss. Det er knytt stor risiko til desse inntektene, som i stor grad blir påverka av blant anna straumprisane.

Systemkompetanse: Det er stilt store krav til systemkompetanse innanfor databaserte fagsystem i heile organisasjonen. Systema genererer utgifter og inntekter til kommunen, og det er knytt økonomisk risiko til om systema ikkje blir vedlikehalde og brukt i tråd med lov og avtaleverk. Vidare skal systema gi fagleg dokumentasjon og danne grunnlag for ulike rapporteringar. Dette krev ressursar til vedlikehald og opplæring, slik at ein sikrar effektive løysingar og riktige resultat. System innanfor pleie og omsorg, kommunale avgifter, innkjøp og økonomi er område det må vere eit særleg fokus på for å sikre effektiv organisering og auka kompetanse.

Ressurskrevjande tenester: Det er ikkje budsjettet med midlar til auke i ressurskrevjande brukarar utover det som er kjent per november 2022. Anslaget for refusjon frå staten er også ein risiko, da dette utgjer ein vesentleg inntektspost.

Barnevernstiltak: Budsjettering av barnevernstenesta er gjort ut frå iverksette og godkjente vedtak.

Uføresette hendingar: Det er ikkje budsjettet med reservar for å takle uføresette hendingar som flaum, ras eller andre klimatiske utfordringar, større ulykker og eventuelle rettsakar.

Sentrale føringar: Det er ikkje teke høgde for statlege føringar som kan påverke inntektene til kommunen utover det som er beskrive i dokumentet.

Investerings tiltak 2023 og i økonomiplanperioden

Digitalisering

Ramme digitalisering

Det er lagt inn ei ramme med 1,2 mill. kroner årleg i planperioden til investeringar for digitale løysingar. Innovasjon og gevinstrealisering vil vera førande for val av prosjekt til gjennomføring.

Prioriterte tiltak i 2023 er:

- Digitalt reinholdssystem
- Integrasjon av Avtaler frå Visma Enterprise Plus med Elements, personalmelding og eSignering
- Oppgradering til Acos premium, heimesideløysing
- Digi Rehab, digitalt vertøy for rehabilitering
- Infodoc sky, pasientjournal for legetenesta
- Oppgradering til 4G digitale tryggleiksalarmar
- Yeti-skjerm for aktivisering
- Styringsystem for drift av bassenget i Utgard
- Låsesystem kommunale bygg

Regiondata

Det er lagt inn 0,5 mill. kroner årleg til investering av fellesløysingar i Regiondata.

Om lag 1 mill. kroner er planlagt brukt til serverfarm og trådløst nettverk. Vidare er 2,3 mill. kroner avsett til skyløysingar for sakssystemet Element, InfoDoc og barnevern.

IKT-utstyr

Det er lagt inn 0,9 mill. kroner årleg til utskifting av IKT-utstyr. Det ligg til grunn ein heilskapleg plan for utskiftinga.

Kommunal eigedom

Påkost kommunale bygg

Det er lagt inn ei ramme på 3,5 mill. kroner årleg i planperioden for påkost og oppgradering av kommunale administrasjonsbygg og føremålsbygg. Tilstandsrapport for kommunale føremålsbygg vart utarbeidd i 2022 og blir lagt til grunn for val av prosjekt. Det blir lagt til grunn at påkost skal bidra til å redusere energiforbruk i alle prosjekt.

Prioriterte tiltak i 2023 er:

- Ombygging Midtgard. Endra arbeidsformer gjer at kommunehuset Midtgard i dag framstår lite eigna til å møte dagens krav til eit fleksibelt arbeidsliv. Ei ombygging av kontorlokala på Midtgard vil kunne frigjere plass ved andre kommunale føremålsbygg.
- Utskifting og oppgradering av ljuskjelder. Det er planlagd utskifting og oppgradering av ljuskjelder i alle kommunal føremålsbygg. Tiltaket vil vere eit viktig enøk-tiltak for å redusere straumutgifter og energiforbruk, og vil vere eit viktig bidrag inn i det grønne skiftet.

Ladestasjonar for el-bil ved kommunale bygg

Det er lagt inn 0,25 mill. kroner i 2023 til etablering av ladestasjonar for el-bil utanfor kommunale bygg. Samla løyving til tiltaket er 0,5 mill. kroner fordelt over 2022 og 2023. Tiltaket skal dekkje tilrettelegging av ladepunkt for kommunale tenestebilar, og ladepunkt for tilsette og besøkande. Tiltaket søkast delfinansiert gjennom støtte frå miljødirektoratet sin klimasatsordning 2022. Tiltaket vil vere eit bidrag inn i det grønne skiftet.

Sentrumstiltak

Det er lagt inn 1,25 mill. kroner til sentrumstiltak i 2023. Vidare i planperioden er det lagt inn 1 mill. kroner årleg. Moglegheitsstudiet blir lagt til grunn for årleg gjennomføring.

Prioriterte tiltak i 2023 er:

- Utgreie og prosjektere tiltak som er løfta fram i moglegheitsstudien.
- Utgreie og gjennomføre tiltak knytt til rasjonell avfallshandtering i sentrum.
- Utgreie og gjennomføre tiltak for å knytte turvegane i Presthaugen til Bergomsrunda.

Prosjekt investering bygg PO

Det er lagt inn 3 mill. kroner i 2023 til prosjektering og investering i bygg knytt til pleie og omsorg. Dette er ei vidareføring og realisering av tiltaka som er beskive i prosjektet Framtidig bu- og tenestetilbod i Lom. Løyvinga dekkjer lønsutgifter til prosjektleiarar og kjøp av arkitektteneste.

Brann

Det er lagt inn 0,12 mill. kroner til brannhydrant i 2023. Brannhydranten er brukt som oppfyllingspunkt for utrykkingskøyretøy, og er lokalisert ved helikopterplassen/brannstasjonen.

Vidare i planperioden er det lagt inn 2,9 mill. kroner til kjøp av ny brannbil i 2025. Investeringa er delt mellom Skjåk og Lom og utgjer samla 5,9 mill. kroner inkl. mva.

Bilar

Det er lagt inn 1,5 mill. kroner årleg til kjøp av varebilar. Den årlege ramma skal dekke behovet for utskifting av bilar, og det er planlagt innrulling av el-bilar i økonomiplanperioden. Det er lagt opp til ei samla forvaltning av eigendelane, og tiltaket vil vere eit bidrag inn i det grønne skiftet.

VAR-området

Påkost anlegg vatn

Det er lagt inn 1,8 mill. kroner til oppgraderingstiltak på vassforsyningsanlegga i 2023. Tiltaka kjem på bakgrunn av tilsyn frå Mattilsynet, utført Vass- ROS av Norconsult i 2022, samt Lom kommune sin plan for ettersyn og vedlikehald av drikkevassbasseng utarbeidd av Norconsult i 2021.

Påkost anlegg avløp

Det er lagt inn 0,85 mill. kroner til oppgraderingstiltak på avløpsanlegga. Tiltaka kjem på bakgrunn av utført Miljø- ROS av Norconsult i 2022.

Bil VA

Det er lagt inn 0,5 mill. kroner i 2023 til innkjøp av bil til drift av vatn- og avlaupstenesta. Dagens bilpark er gammal og utdatert og det er behov for oppgradering for å møte dagens krav til arbeidsmiljø og klima.

Utskifting PLS vassproduksjon og -distribusjon

Det er lagt inn 1 mill. kroner årleg til utskifting av PLS-styring til vassproduksjon og –distribusjon. Tiltaket skal bidra til ein meir stabil og driftssikker vassproduksjon i Lom.

Leidningsnett vatn og avløp

Prosjektet er ei vidareføring av investering frå 2020-2022 med vurdering av tilstand på leidningsnettet for å betre dokumentasjon av lekkasjenivå. Frå 2023 til 2026 er det lagt inn 3 mill. kroner årleg til utskifting av kummar og leidningar.

Høgdebasseng Frisvollskogen

Det er lagt inn 2,1 mill. kroner i 2024 til påkost av høgdebasseng Frisvollskogen. Tiltaket kjem på bakgrunn av tilsyn frå Mattilsynet, utarbeidd tilstandsvurdering av Norconsult i 2022, samt Lom kommune sin plan for ettersyn og vedlikehald av drikkevassbasseng utarbeidd av Norconsult i 2021.

Plastmottak reinseanlegg

Det er lagt inn 0,1 mill. kroner i 2023 og 1,5 mill. kroner i 2024 til bygging av nytt anlegg for plastmottak på Lom miljøstasjon, samt noko oppgradering av uteområdet. Tiltaket er drøfta med NGR og vil sikre ei rasjonell drift og ivareta miljøomsyn.

Vegar

Kommunal veg

Det er lagt inn 1,2 mill. kroner i 2023 og 3 mill. kroner i 2024 til påkost veg og hovudplan veg. Det er naudsynt å regelmessig få utført reasfaltering av asfalterte vegar samt asfaltering av utvalde grusvegar. Tiltaka vil gi standardheving på kommunale vegar delvis med oppgradering av grusvegar med fast dekke samt auke standard på asfaltdekke. Før asfaltering skal det utførast grøftereinsk, delvis nye stikkrenner og forsterking av vegkantar som også medfører standardheving.

Oppgradering industriområde

Det er lagt inn 1,2 mill. kroner til oppgradering av Lom industriområde og reguleringsplanarbeid knytt til nytt industriområde Lågkollen. Løyvinga skal dekke asfaltering av Skjæsarvegen og standardheving på allereie asfaltert strekning forbi brannstasjonen. Når det gjeld Lågkollen er det føresett delvis kjøp av tenester til utarbeiding av reguleringsplan og prosjektering av hovudtilkomstveg frå riksvegen. I etterkant av vedteken reguleringsplan vil ein måtte prosjektere for vidare tiltak. Dette blir innarbeidd ved rullering av økonomiplanen i 2025-2028.

Tiltak Loar skule

Det er lagt inn 0,5 mill. kroner til oppfølging av reguleringsplan Loar skule, med omlegging av gang/sykkelveg. Prosjektet føreset finansiering frå Innlandet fylkeskommune.

Parkeringsplass Garmo kyrkje

Det er lagt inn 0,2 mill. kroner til parkeringsplass Garmo kyrkje. Plassen oppfyller ikkje dagens behov ved større arrangement og vegen opp til kyrkja blir brukt til parkering. Dette vil mellom anna kunne vera til hinder for blåjoseatane.

Skilting i Lom sentrum og parkering for lastebilar og bussar

Det er sett av 0,6 mill. kr. til opparbeiding av p-område for bussar og lastebilar. Det er sett av 0,4 mill. kr. til skilting til p-plassar for busser, lastebilar og campingvagnar/campingbilar på alle innfartsvegar til Lom.

Beredskap

Sikring Leirmo

Det er lagt inn 4,1 mill. kroner i 2023 til bergsikring av to bustadeigedomar på Leirmo. Tiltaket kjem som følge av skredfarevurdering og forprosjekt for sikringstiltak utført for Lom kommune av Skred AS i 2021 og 2022. Det er sendt søknad til NVE om tilskot til sikringstiltak. Lom kommune forutsett ein distriktsandel med 20 %, og dette utgjer 0,8 mill. kroner. NVE dekkjer 3,3 mill. kroner, og dette er lagt som ein føresetnad i økonomiplanen.

Sikringsarbeid Lykkja

Det er lagt 15 mill. kroner i 2024 til gjennomføring av sikringstiltak i Lykkja. Prosjektet bygger på resultata frå flaumsonekartlegginga som vart gjennomført i 2020 av Norconsult. Det er søkt NVE om tilskot til flaum- og skredførebygging og miljøtiltak langs vassdrag. Lom kommune sin distriktsandel vil i så fall utgjere 20 % av totalkostnaden av prosjektet. Refusjon frå NVE er lagt inn med 12 mill. kroner.

Aksjar og andelar

Det er lagt inn 0,7 mill. kroner årleg til eigenkapitalinnskot KLP. Vidare er det lagt inn 0,2 mill. kroner i 2023 til auke i ansvarleg kapital til Nord-Gudbrandsdal renovasjonsselskap IKS.

Føresetnader

Overførte investeringar frå 2022

Investeringsprosjekt som er vedteke i 2022, men som ikkje er gjennomført, blir vurdert overført til 2023. Det blir fremma eiga sak til politisk behandling i etterkant av årsoppgjeret for 2022.

Budsjettering til driftsområda

Rammer 2023	2023	2024	2025	2026
Rammeområde 1				
Fellestenester	16 704	17 084	16 703	16 884
Utgard	711	711	711	711
Bibliotek	1 785	1 785	1 785	1 785
Næring	0	0	0	0
Plan, byggesak, miljø	3 296	2 941	2 891	2 891
VAR, veg og kommunal teknikk	3 483	4 283	4 283	4 283
Kommunal eigedom	12 218	11 928	11 888	11 949
Overordna leing og fellespostar	14 648	14 548	14 548	14 548
Sum ramme 2023-2026	52 845	53 280	52 809	53 051
<i>Endring frå 2022</i>	<i>4 084</i>	<i>4 516</i>	<i>4 045</i>	<i>4 287</i>
Rammeområde 2				
Oppvekst	56 674	56 274	56 024	56 024
<i>Endring frå 2022</i>	<i>12 481</i>	<i>12 116</i>	<i>11 876</i>	<i>11 876</i>
Rammeområde 3				
Helse og velferd	21926	20426	18776	18776
Pleie og omsorg	67127	66527	66527	66527
Sum ramme 2023-2026	89 053	86 953	85 303	85 303
<i>Endring frå 2022</i>	<i>10 777</i>	<i>8 677</i>	<i>7 027</i>	<i>7 027</i>
Sum fordelt til drift	198572	196507	194136	194378

Tal i heile tusen

Når det gjeld rammeområde 2, viser endring i ramma frå 2022 eit betydeleg beløp. Årsaka til dette er endring i organisering av tenestene med overføring frå andre område.

Interkommunalt samarbeid og tilskot til andre

Mottakar	2 021	2 022	2 023	Endring
Nord-Gudbrandsdal Renovasjonsselskap:	2 559 000	2 971 600	3 150 000	178 400
Renovasjon	285 000	697 600	740 000	42 400
Restavfall	1 755 000	1 755 000	1 860 000	105 000
Miljøstasjon	519 000	519 000	550 000	31 000
Overføringer til Vågå kommune:	660 000	660 000	525 500	-134 500
Innkjøpskontor	270 000	270 000	400 500	130 500
Skogbrukssjef	265 000	265 000	0	-265 000
Tilsyn byggesak	125 000	125 000	125 000	0
Overføring til Sel kommune:	10 843 000	10 958 000	12 196 000	1 238 000
Barnevernsteneste, Sel, Vågå, Lom og Skjåk	2 852 000	2 955 000	3 300 000	345 000
Nord-Gudbrandsdal lokalmedisinske senter(NGLMS):				
<i>Jordmorvakt</i>	44 000	47 000	53 000	6 000
<i>Legevakt</i>	960 000	1 078 000	1 333 000	255 000
<i>Legevaktvarsling</i>	1 246 000	1 261 000	1 374 000	113 000
<i>Intermediære senger</i>	1 339 000	824 000	1 051 000	227 000
<i>KAD</i>	479 000	605 000	698 000	93 000
<i>PPT</i>	1 511 000	1 381 000	1 381 000	0
Regiondata	2 167 000	2 551 000	2 750 000	199 000
Sekretariat for kontrollutval	114 000	125 000	125 000	0
Samarbeid med NAV - Gjeldsrådgeving	131 000	131 000	131 000	0
Overføring til Lesja kommune	190 000	140 000	154 000	14 000
Personvernombod	190 000	140 000	154 000	14 000
Overføring til Skjåk kommune:	10 039 000	11 694 696	14 049 000	2 354 304
NAV Lom og Skjåk	1 400 000	1 706 000	1 966 000	260 000
Jobbspesialist		250 000	450 000	200 000
Stønad til livsopphald		550 000	1 125 000	575 000
Sysselsettingsgruppe - samarbeid med Skjåk	366 000	366 000	516 000	150 000
Tildelingskontor	900 000	1 046 000	1 115 000	69 000
Lom og Skjåk brannvesen:				
<i>Feiarvesen</i>	491 000	534 761	537 000	2 239
<i>Branntilsyn</i>	248 000	303 470	323 000	19 530
<i>Brannvesen</i>	1 684 000	1 752 947	1 940 000	187 053
<i>Overordna brann, m.m.</i>	350 000	344 518	361 000	16 482
Musikk- og kulturskule	1 940 000	1 922 000	2 046 000	124 000
Landbrukskontor (med skogbruk frå 2023)	1 240 000	1 240 000	1 798 000	558 000
Tilskot landbruk	500 000	500 000	500 000	0
IT-samarbeid med Skjåk kommune	920 000	1 179 000	1 372 000	193 000
Andre ulike tilskot og kjøp av tenester	5 735 000	7 272 000	7 568 000	296 000
Norsk fjellsenter (Nasjonalt senter for fjellredning)		700 000	700 000	0
Tilskot skogbruk	150 000	150 000	150 000	0
Regionrådet	447 000	447 000	447 000	0
Revisjon og kontrollutval	840 000	862 000	862 000	0
Lom kyrkjelege råd	1 475 000	1 700 000	1 805 000	105 000
*I tillegg kjem overføringer for tenesteyting	360 000	360 000	443 000	83 000
Gudbrandsdalsmusea AS jfr. avtale	185 000	185 000	185 000	0
Lom friviljugsentral (Øyremerka frå Staten: 448 000)	0	540 000	648 000	108 000
*I tillegg kjem tenesteyting	225 000	225 000	225 000	0
Samarbeid med crisesenter	165 000	165 000	165 000	0
Visit Jotunheimen	550 000	600 000	600 000	0
Bedriftshelseteneste, kjøp av tenester	100 000	100 000	100 000	0
Organisasjonar og andre innan kultur	570 000	570 000	570 000	0
*Av dette øyremerka til idrett	450 000	450 000	450 000	0
Bar og unge - løyving	63 000	63 000	63 000	0
IKA oppland (interkommunalt arkiv)	90 000	90 000	90 000	0
Skåppå kunnskapspark AS	40 000	40 000	40 000	0
Norges nasjonalparkkommuner	25 000	25 000	25 000	0
TOTALT	30 026 000	33 696 296	37 642 500	3 946 204

Fondsoversikt

SUM ALLE PR. 15.11.22	-108 722 974
SUM BUNDNE MIDLAR - TESSEFONDET	-1 044 156
FISK OG VILT- TESSEREGULERINGA	-949 156
TESSEFOND - løyvd tilskot til Norsk institutt for naturforvaltning	-85 000
TESSEFOND - løyvd tilskot til Lom jeger- og fiskeforening gjeld gratis jegerprøv	-10 000
SUM BUNDNE FOND SELVKOST -VAR	-396 053
FEIING OVERSKOT T:3380	-297 430
OPPMÅLING OVERSKOT	-98 623
SUM BUNDNE FOND TENESTEOMRÅDA	-6 277 797
BUNDNE DRIFTSFOND SAMFUNNSUTVIKLING, FELLESTENESTER OG KULTUR	-2 787 761
BUNDNE DRIFTSFOND OPPVEKST	-353 978
BUNDNE DRIFTSFOND PO/HELSE	-3 136 058
SUM BUNDNE DRIFTSFOND VSP-MIDLAR NASJONALPARKLANDSBY	-179 474
SUM BUNDNE NÆRINGSFOND	-11 784 334
NÆRINGSFOND	-9 887 704
NÆRINGSFOND - ikkje utbetalte løyvingar	-1 896 630
SUM BUNDNE NÆRINGSFOND - KRAFT	-20 144 018
HEIMFALLSFONDET	-3 695 241
REGULERINGSFOND- TESSE	-11 655 591
NÆRINGS-OG UTV.FOND (SMÅDØLA)	-4 093 186
NÆRINGS-OG UTV.FOND (SMÅDØLA), ikkje utbetalt løyving	-700 000
SUM BUNDNE NÆRINGSFOND - LANDBRUK	-900 686
NÆRINGSFOND - LANDBRUKTILSKOT	-543 719
NÆRINGSFOND - AVVERKING TILSKOT SKOGBRUK LØYVDE IKKJE UT BET	-260 560
NÆRINGSFOND, LANDBRUKSTILSKOT LØYVDE IKKJE UT BETALTE TILSKOT	-96 407
SUM DISPOSISJONSFOND	-43 485 949
DISPOSISJONSFOND	-25 458 807
VARIASJON I PENSJONSUTGIFTER (PREMIEAVVIK)	-11 882 533
DISPOSISJONDFOND - MERKAT TIL ULIKE FØREMÅL	-6 144 608
SUM DIVERSE DISPOSISJONSFOND	-3 088 725
SUM DISPOSISJONSFOND KRAFT	-15 460 000
UTBYTTEFOND	-10 060 000
KONSESJONSKRAFTFOND	-5 400 000

Budsjettskjema og protokoll vedtak

Løyvingsoversikt drift, del A

	Rekneskap 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
2 Inntekts- og formueskatt	57 536	58 956	58 078	60 378	60 378	60 378
3 Eiendomsskatt	4 352	3 556	4 401	4 401	4 401	4 401
4 Andre generelle driftsinntekter	11 485	7 955	14 455	14 555	11 855	10 295
5 Sum generelle driftsinntekter	73 373	70 467	76 934	79 334	76 634	75 074
6 Sum bevilgninger drift, netto	171 121	168 460	198 572	196 507	194 137	194 378
7 Avskrivninger	16 146	13 860	16 173	16 173	16 173	16 173
8 Sum netto driftsutgifter	187 267	182 320	214 745	212 680	210 310	210 551
10 Renteinntekter	2 333	2 924	4 215	4 458	4 563	4 591
11 Utbytter	6 017	6 000	7 000	7 000	7 000	7 000
13 Renteutgifter	3 168	5 736	8 950	8 950	8 950	8 950
14 Avdrag på lån	9 142	11 186	10 609	10 609	10 609	10 609
15 Netto finansutgifter	-3 960	-7 998	-8 344	-8 101	-7 996	-7 968
16 Motpost avskrivninger	16 146	13 860	16 173	16 173	16 173	16 173
18 Overføring til investering	355	3 252	1 200	-	-	-
19 Avsetninger til bundne driftsfond	8 192	5 706	5 900	5 900	5 900	5 900
20 Bruk av bundne driftsfond	-8 037	-9 352	-5 788	-5 038	-4 838	-4 838
21 Avsetninger til disposisjonsfond	20 242	46 298	44 225	699	110	110
22 Bruk av disposisjonsfond	-	-1 019	-1 769	-769	-2 405	-4 928
24 Sum disponeringer eller dekning av netto drift	20 752	44 885	43 768	792	-1 233	-3 756
25 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	0	0	0	0	0	0

Tal i heile tusen

Løyvingsoversikt drift, del B

	Rekneskap 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
<i>Sum rammeområde 1</i>	51 567 280	48 760 156	52 844 804	53 279 804	52 809 804	53 050 804
<i>Sum rammeområde 2</i>	41 356 812	44 379 862	56 673 979	56 273 979	56 023 979	56 023 979
<i>Sum rammeområde 3</i>	78 196 613	75 320 225	89 053 000	86 953 000	85 303 000	85 303 000
	171 120 705	168 460 243	198 571 783	196 506 783	194 136 783	194 377 783

Økonomisk oversikt drift

	Rekneskap 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
Driftsinntekter						
1 Rammetilskudd	105 686	99 796	105 306	105 306	105 306	105 306
2 Inntekts- og formuesskatt	57 536	58 956	58 078	60 378	60 378	60 378
3 Eiendomsskatt	4 352	3 556	4 401	4 401	4 401	4 401
4 Andre skatteinntekter	6 980	7 000	7 000	7 000	7 000	7 000
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	4 506	955	7 455	7 555	4 855	3 295
6 Overføringer og tilskudd fra andre	46 081	33 756	32 258	32 487	32 487	32 487
7 Brukerbetalinger	12 998	10 497	9 998	9 998	9 998	9 998
8 Salgs- og leieinntekter	57 999	104 405	96 999	48 536	48 536	48 536
9 Sum driftsinntekter	296 138	318 921	321 495	275 661	272 961	271 401
Driftsutgifter						
10 Lønnsutgifter	142 962	141 969	149 963	149 963	149 963	149 963
11 Sosiale utgifter	23 637	26 105	33 399	34 399	36 399	37 899
12 Kjøp av varer og tjenester	65 022	60 389	69 795	66 330	64 460	63 651
13 Overføringer og tilskudd til andre	39 805	37 574	16 225	16 075	15 375	15 675
14 Avskrivninger	16 146	13 860	16 173	16 173	16 173	16 173
15 Sum driftsutgifter	287 572	279 897	285 555	282 940	282 370	283 361
16 Brutto driftsresultat	8 566	39 024	35 940	-7 279	-9 409	-11 960
Finansinntekter						
17 Renteinntekter	2 333	2 924	4 215	4 458	4 563	4 591
18 Utbytter	6 017	6 000	7 000	7 000	7 000	7 000
20 Renteutgifter	3 168	5 736	8 950	8 950	8 950	8 950
21 Avdrag på lån	9 142	11 186	10 609	10 609	10 609	10 609
22 Netto finansutgifter	-3 960	-7 998	-8 344	-8 101	-7 996	-7 968
23 Motpost avskrivninger	16 146	13 860	16 173	16 173	16 173	16 173
24 Netto driftsresultat	20 752	44 886	43 769	793	-1 232	-3 755
Korrigert netto driftsresultat	20 597	48 532	43 657	-69	-2 294	-4 817
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:						
25 Overføring til investering	355	3 252	1 200	-	-	-
26 Avsetninger til bundne driftsfond	8 192	5 706	5 900	5 900	5 900	5 900
27 Bruk av bundne driftsfond	-8 037	-9 352	-5 788	-5 038	-4 838	-4 838
28 Avsetninger til disposisjonsfond	20 242	46 298	44 225	699	110	110
29 Bruk av disposisjonsfond	-	-1 019	-1 769	-769	-2 405	-4 928
30 Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-	-	-	-
31 Sum disponeringer eller dekning av netto drift	20 752	44 885	43 768	792	-1 233	-3 756
32 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	-	-	-	-	-	-

Tal i heile tusen

Løyvingsoversikt investering, del A

	Regnskap 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026
1 Investeringer i varige driftsmidler	7 558	27 749	27 170	35 000	15 788	12 600
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	607	3 000	882	682	682	682
6 Sum investeringsutgifter	8 165	30 749	28 052	35 682	16 470	13 282
7 Kompensasjon for merverdiavgift	953	2 086	3 634	5 560	2 448	1 860
8 Tilskudd fra andre	405	820	3 300	12 500	-	-
9 Salg av varige driftsmidler	3 347	2 000	-	-	-	-
13 Bruk av lån	2 682	21 371	19 236	16 940	13 340	10 740
14 Sum investeringsinntekter	7 387	26 277	26 170	35 000	15 788	12 600
15 Videreutlån	1 740	-	-	-	-	-
16 Bruk av lån til videreutlån	1 740	-	-	-	-	-
17 Avdrag på lån til videreutlån	1 030	-	-	-	-	-
18 Mottatte avdrag på videreutlån	1 091	-	-	-	-	-
19 Netto utgifter videreutlån	-61	-	-	-	-	-
20 Overføring fra drift	-355	-3 572	-1 200	-	-	-
21 Avsetninger til bundne investeringsfond	349	-	-	-	-	-
22 Bruk av ubundet investeringsfond	-	-81	-	-	-	-
24 Bruk av ubundet investeringsfond	-711	-819	-682	-682	-682	-682
26 Sum overføring fra drift og netto avsetninger	-717	-4 472	-1 882	-682	-682	-682
27 Fremført til inndekning i senere år(udekket bel	-	-	-	-	-	-

Tal i heile tusen

Løyvingsoversikt investering, del B

Prosjekt	2023	2024	2025	2026
Digitalisering				
Digitalisering	1 200 000	1 200 000	1 200 000	1 200 000
Regiondata, utstyr/programvare	500 000	500 000	500 000	500 000
Datautstyr	900 000	900 000	900 000	900 000
Kommunal eigeendom				
Påkost kommunale bygg	3 500 000	3 500 000	3 500 000	3 500 000
Ladestasjoner for el-bil ved kommunale bygg. Eigenandel med ekstern finansiering	250 000			
Sentrumstiltak	1 250 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Prosjekt investering bygg PO (2,1 mill. kroner til lønn)	3 000 000			
Brann				
Brannhydrant	120 000			
Brannbil			2 937 500	
Bilar				
Varebilar	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
VAR				
Påkost anlegg vatn	1 800 000	300 000	250 000	
Påkost anlegg avløp	850 000			
Bil VA	500 000			
Utsifting PLS'er	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Ledningsentt vatn og avlaup, VAR	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
Påkost høgdebasseng Frisvollskogen		2 100 000		
Lom miljøstasjon, Plastmottak reinseanleget	100 000	1 500 000		
Veg				
Påkost veg, hovudplan veg	1 200 000	3 000 000		
Oppfølging tiltakt reguleringsplan Loar skule		500 000		
Påkostning industriområde	1 200 000			
Parkering Garmo kyrkje	200 000			
Skilting Lom sentrum og parkering bussar og lasterbilar	1 000 000			
Flaumforebygging				
Sikring Leirmo	4 100 000			
Sikringsarbeid Lykkja		15 000 000		
Aksjer og andelar				
Ansvarleg kapital NGR	200 000			
Eigenkapitalinnskot KLP	682 000	682 000	682 000	682 000
Brutto investering	28 052 000	35 682 000	16 469 500	13 282 000

Oversikt gjeld og forpliktingar

Alle lån	2023	2024	2025	2026
Langsiktig gjeld	249 908 256	257 659 256	263 114 256	264 969 256
Nye lån	19 236 000	16 940 000	13 340 000	10 740 000
Avdrag ord. lån	9 786 200	9 786 200	9 786 200	9 786 200
Avdrag nye lån	822 800	822 800	822 800	822 800
Avdrag startlån	876 000	876 000	876 000	876 000
Langsiktig gjeld	257 659 256	263 114 256	264 969 256	264 224 256

Alle endringar som vart vedteke under behandlinga, er innarbeidd i dokumentet i etterkant.

https://innsyn.regiondata.no/Innsyn_Lom/DmbMeeting/175